



## Rapportering pr. 1.tertial 2020

## Innhold

1. Innleiing .....	3
2. Økonomi.....	4
2.1 Bevilgningsoversikt drift.....	4
2.2 Bevilgningsoversikt, netto ramme pr. rammeområde.....	7
2.3 Budsjettendring kraft- og næringsfond .....	13
2.4 Prosjektramme- Bevilgningsoversikt (Investeringsprosjekt) .....	15
2.5 Rapport – Finansforvaltning.....	22
3. Handlingsdelen.....	23
<b>Levereglar for Nissedal kommune</b> .....	23
3.1 Sentral leing.....	24
<b>3.2 Fellestenesta</b> .....	27
3.3 Andre stabsfunksjonar .....	28
3.3.1 Ikt .....	28
3.3.2 Næring .....	29
3.4 Interkommunalt plankontor .....	31
3.5. Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid .....	33
3.6 Eining for skule .....	37
3.7 Eining for barnehage.....	43
3.8 Eining for kultur.....	47
3.9 Eining for helse og habilitering.....	54
3.10 Eining for omsorg .....	57
3.11 Eining for teknisk drift.....	62

## 1. Innleiing

Tertialrapport er både ei tilbakemelding på mål/tiltak som er sett opp i vedteke handlingsprogram og ein gjennomgang av økonomisk status pr. utgangen av august/byrjinga av september. I høve til økonomigjennomgangen er det vektlagt å sjå om dei føresetnadene ein la til grunn i desember då budsjettet blei vedteke, og som blei korrigert/justert i 1. tertial, framleis er rette og gjere prognoser for framskriving av inntekter/utgifter ut året. All rapportering på dagleg drift og enkelttiltak i høve til gjeldande handlingsprogram, er skriven med **raudbrun** skrift.

Opphavleg budsjett for 2020 blei vedteke med bruk av fond på 2,3 mill. Dette bygger opp under det biletet som vedteke økonomiplan synte, at kommunen går inn i utfordrande økonomiske tider. Noko av fondsbruken (0,8 mill.) kunne forsvarast/forklarast med det ein kan kalle "eingongsutgifter" og ikkje ordinære driftsutgifter. Men mykje av bakgrunnen til fondsbruken er meir varige driftsutgifter som vil vere med i budsjetta framover. Ved denne gjennomgangen vert bruken av fond auka. Dette kan i hovudsak knytast til reduserte straumpriser (red. inntekter på konsesjonskraft) og utbrot av covid-19.

Også i 2020 er investeringsbudsjettet prega av høg aktivitet og då først og fremst innan VA-sektoren. Men det er og store investeringsprosjekt innan andre område der bygging av omsorgsbustader og brannstasjon er dei største enkeltprosjekta.

Frå 01.01.20 blei felles NAV-kontor i Vest-Telemark etablert, med kontorplass på Dalen. Erfaring så langt er at dette fungerer bra. Utvida samarbeid med Kviteseid i høve til rekneskapsfunksjonen er og kome på plass frå 01.01.20. Dette med kontorplass i Nissedal. Også her er erfaringa at dette fungerer bra så langt.

Covid-19 har satt stor preg på 1. tertial både på tenesteutøving, beredskapsarbeid og økonomi. Dette er derfor sett opp som eit eige rapporteringspunkt under kvart rammeområde.

Folketal pr. 01.04.20 syner 1.444 Nissedølar. Dette er ein nedgang på 4 personar frå 01.01.20. Det er i perioden eit fødselsoverskot på 2. I høve til innanlands utflytting/innflytting er det eit underskot på 5 personar og innvandring/utvandring har eit underskot på 1 person. Det har nå over tid vore ei negativ utvikling i folketalet i kommunen. Ein skal vere forsiktig med å dramatisere dette, men «pila» har over tid nå peika i feil retning.

## 2. Økonomi

### 2.1 Bevilgningsoversikt drift

#### **Skatt på inntekt og formue**

Skatteinntang frå januar t.o.m. april syner ein nedgang på 0,5%, samanlikna med same periode i 2019. På nasjonalt nivå er det ein auke i skatteinntang på 1,2%. Ved å legge til grunn faktisk skatteinntang i 2019 med budsjettert skatt i 2020, vil dette seie at budsjettet legg opp til ein vekst i skatteinntekter på 6%. Jf. revidert nasjonalbudsjett, så blir det lagt opp til ein nedgang på nasjonalt nivå på 1,1%. Det vert tilrådd å legge dette til grunn også for Nissedal. Det vil seie å legge til grunn skatt på inntekt/formue på kr 35.955.000. Dette er ein nedgang i skatteinntekter på kr 2.744.000.

Naturressursskatten fylgjer ikkje same utvikling som øvrige skatteinntekter. Her er det meir riktig å sjå til skatteinntang i 2019. Denne var på kr 7.343.000. Dette gir grunnlag for å auke anslaget på denne inntekta med kr 98.000.

Totalt vert skatteanslaget då tilrådd redusert med kr 2.646.000.

#### **Rammetilskot**

Ved å legge tilrådd skattenivå til grunn (jf. avsnitt over), vil kommunen få eit rammetilskot på kr 73.412.000. Dette er kr 2.843.000 meir enn kva som er lagt til grunn i budsjettet. I tillegg til kompensasjon for nedgang i inntekter ligg det i denne summen kr 1.665.000 i kompensasjon for kommunen sine korona-utgifter. Det ligg og ein sum på kr 100.000 i skjønnsmidler som og er knyt til korona-utgifter. Det er og lagt inn kompensasjon på kr 244.000 for at overføring at skatteoppkrevjarfunksjonen til staten er utsett frå juni til november. Som ein ser er nedgangen i skatteinntekter berre 0,2 mill. mindre enn auken i rammetilskot. Med andre ord er det vanskelig å sjå at vi har 1,7 mill. å «hente ut» til korona-utgifter. Dette skuldast m.a. at skatteinntektene i 2019 svikta med 0,8 mill. på slutten av året og budsjettet slik sett bygde på «feil» føresetnader.

#### **Eigedomsskatt**

På eigedomsskatt ser skatteinngangen til å vere i samsvar med budsjett. Det er budsjettert med 13,4 mill. i eigedomsskatt.

#### **Konsesjonsavgifter:**

Budsjett for konsesjonsavgifter kan (jf. rekneskapen for 2019) aukast med kr 180.000 til kr 1.614.000. Konsesjonsavgifter skal avsetjast til kraftfond. (Sjå kommentar under rammeområde felles i høve til auka avsetning).

#### **Integreringstilskot**

Totalt er det i budsjettet lagt inn kr 6.130.000 i integreringstilskot. I høve til summar i ekstratilskot som utgjer ein vesentlig sum av integreringstilskotet, så er tala på enkeltsummar noko endra sidan budsjettvedtaket. Men i sum gir det omlag same resultat. Det er knyt noko usikkerhet til ein sum på kr 200.000 knyt til ei familiegjenforeining. Usikkerheten ligg i stor grad på sakbehandlingstida hjå UDI. Det vert tilrådd å oppretthalde trua på at vi får dette tilskotet i år. Det er dermed grunnlag får å oppjustere integreringstilskot med kr 56.000.

#### **Utbyte**

Det er i budsjettet for 2020 lagt inn kr 1.350.000 i utbyte frå VTK. Dette er same sum som kommunen fekk i 2019. Kva vi vil få i utbyte nå i 2020 blir avgjort i representantskapet i juni. Ein kan vel seie at det er usikkert om utbyte i 2020 vil bli på same nivå som 2019. Men dette vert tilrådd å kome attende til i 2. tertial, når ein veit kva summen blei.

**Avdrag**

I budsjett for 2020 var det lagt til grunn reduksjon/utsetjing av avdrag på 1,8 mill. i høve til oppsett betalingsplan. Det synte seg vanskelig å finne lån med avdrag på tilnærma denne summen. Det nærast var utsetjing av avdrag på 3 lån som gav reduksjon på 1,9 mill. Avdrag for 2020 kan dermed reduserast med kr 100.000 i høve til budsjett.

**Renteinntekter og –utgifter**

I budsjettet er det lagt til grunn eit rentenivå på innlån 2,4%. Etter melding om renteendringar i april og mai er rentenivå på innlån frå Kommunalbanken og KLP 1%. Ved å legge til grunn at dette blir rentenivå ut året vil det gi eit gjennomsnittleg rente i 2020 på 1,38%. Det gir grunnlag for å redusere renteutgiftene frå kr 5.845.000 til kr 3.245.000. altså ein reduksjon på kr 2.600.000. Her må ein minne om at ein vesentlig del av effekten av denne reduksjonen av utgifter «forsvinn» i sjølvkost VA.

På bakgrunn av at rentenivå går ned, må ein og ta omsyn til at renteinntekter går ned. Renteinntekter bankinnskot ned med kr 250.000, renteinntekter kraftfond ned med kr 95.000, renteinntekter startlån ned kr 160.000 og andre renteinntekter i sum ned kr 60.000.

**Avsetning/bruk fond**

I budsjettet for 2020 er det nå lagt opp til bruk av disposisjonsfond (felles buffer) på kr 2.319.000. Dette vert tilrådd auka med kr 3.360.000. Her utgjer løyvinga til «kontantstøtte til næringslivet» 2 mill. av denne auken i bruk av fond. 1,4 mill. er knyt til andre moment der «korona-utgifter» utover det staten bidreg med utgjer ein vesentleg del. Det står 9,3 mill. på fond (etter rekneskap 2019 er gjort opp. Det vil seie at det står at 3,6 mill. på fond som ikkje er disponert, dersom tertialrapporten blir vedteke slik den er lagt fram.

**Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4 1.ledd**

Tall i 1000 kroner	Opphavleg budsjett 2020	Budsjett- endring 1. tertial	Nytt budsjett 2020
Rammetilskot	-70 569	-2 843	-73 412
Inntekts- og formueskatt	-38 699	2 744	-35 955
Eigedomsskatt	-13 443	0	-13 443
Andre generelle driftsinntekter	-15 215	-334	-15 549
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-137 926</b>	<b>-433</b>	<b>-138 359</b>
Sum bevilgningar drift, netto	134 910	5 928	140 838
Avskrivningar	11 000	0	11 000
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>145 910</b>	<b>5 928</b>	<b>151 838</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>7 984</b>	<b>5 495</b>	<b>13 479</b>
Renteinntekter	-1 283	565	-718
Utbytte	-1 350	0	-1 350
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0
Renteutgifter	5 845	-2 600	3 245
Avdrag på lån	9 463	-100	9 363
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>12 675</b>	<b>-2 135</b>	<b>10 540</b>
Motpost avskrivningar	-11 000	0	-11 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>9 659</b>	<b>3 360</b>	<b>13 019</b>
<b>Disponering eller dekking av av netto driftsresultat:</b>			
Overføring til investering	0	0	0
Netto avsetnad til eller bruk av bunde driftsfond	-7 340	0	-7 340
Netto avsetnad til eller bruk av disposisjonsfond	-2 319	-3 360	-5 679
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat</b>	<b>-9 659</b>	<b>-3 360</b>	<b>-13 019</b>
<b>Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 2.2 Bevilgningsoversikt, netto ramme pr. rammeområde

Innspel til endringar på dei ulike rammeområda er gått gjennom og vurdert. Det visast her til vurderingar under kvart rammeområde og dei kommentarane som kjem fram under kvart rammeområde i tabellen under. Tiltak som har vore opp som egne saker i formannskap/kommunestyre, med inndekning i 1. tertial som ein del av vedtaket vert ikkje kommentert nærare i teksten under. Tilrådde endringar summert opp i tabell under.

### Felles (01)

Reduksjon av konsesjonskraftinntektene	kr 2.526.000
Reduksjon av felles lønspott	-kr 2.250.000
Forskotering av nedtrapping innan integreringsarbeid	kr 900.000
Reduksjon av arbeidsgjevaravgift 3. termin med 4%	-kr 910.000
Støtte Framnes vel – Kyrkjebygda sentrum /frå 2019)	kr 20.000
Sum avsett til kostnader ved sikker utskrift – heile kommunen	-kr 70.000
Kostnader sikker utskrift	Kr 24.000
Statleg overtaking av skatteoppkrevjarfunksjonen utsett til november	Kr 230.000
Auke i avsetning til kraftfond	kr 85.000
Kontantstøtte til lokalt næringsliv (fullmakt)	kr 2.000.000
Sum endringar:	kr 2.555.000

Jf. motteke prognose for konsesjonskraftinntekter frå april 2020, så må anslaget på inntekter på sal av konsesjonskraft ned med kr 2.526.000.

Jf. anslag i revidert nasjonalbudsjett vil lønsoppgjeret i 2020 vere svært nær eit 0-oppgjer. Størsteparten av avsett lønspott (kr 2.250.00) for heile kommunen vert trekt inn. Det står då att kr 250.000 på lønspotten.

Ved budsjettvedtaket var det ikkje kjend kva for stillingar som skulle reduserast, i høve til at vedtak om dette blei fatta først i januar 2020. Det blei derfor lagt inn ein reduksjon på kr 900.000 på felles. Dette representerte halvårsvirkning av den tenkte nedbemanninga innan integreringsarbeidet. Nedbemanning er nå klarlagt og fordeler seg med kr 855.000 på skule, barnehage og kultur.

Som eit av mange «korona-tiltak» er det bestemt at arbeidsgjevaravgift for 3. tertmin skal reduserast med 4%. Dette utgjer kr 910.000. Fram til det er avklart korleis dette skal løysast rekneskapsteknisk, vert dette lagt inn som ein reduksjon av ramme på felles.

Framnes vel fekk i 1. tertial 2019 løyva støtte på kr 20.000 til opprusting av sentrum i Kyrkjebygda. Prosjektet blei noko forseinka og støtta blei ikkje utbetalt i 2019. Dermed må løyvinga gjerast på nytt i 2020.

Hausten 2019 blei alle skrivarar i heile kommunen bytta ut. Det blei samstundes innført det som heiter «sikker utskrift». Dette var berekna til å ha ein ekstrakostnad på kr 70.000. Dette skal fordelast ut på kvart rammeområde. Dette vert ikkje kommentert vidare under kvart rammeområde.

I statsbudsjettet for 2020 var det lagt til grunn at skatteoppkrevjarfunksjonen skulle overtakast av staten frå juni. Dette er nå utsatt til november og overføring frå staten vert korrigert for dette. Overføring til Kviteseid vert då korrigert med nær same sum.

Avsetning til kraftfond vert gjort på felles. Konesjonsavgiftene går opp og renteinntektene ned. Dette er postar under sentrale inntekter/utgifter. Denne auken i avsetning gjer til at ramme for felles må aukast med kr 85.000.

Vedtak i kommunestyresak 19/20 gir formannskapet fullmakt til å disponere inntil 2 mill. til tiltak som fell inn under det ein har kalla «kontantstøtte til næringslivet». Vedtak i k-sak 19/20 var ikkje eit budsjettvedtak og derfor vert dette vedtaket innarbeidd i budsjettet nå.

### **Eining for skule (03):**

Auke i skyssutgifter	Kr 100.000
Universell utforming	Kr 40.000
Kostnader ved innføring Visma-flyt	Kr 55.000
Lisensar ved innføring nettbrett	Kr 100.000
Grunnskuleopplæring vaksne	Kr 125.000
Forlenga leigeperiode – Kyrkjebygda oppvekstsenter	Kr 80.000
Spesialpedagogiske tiltak (vedtak våre 2020)	Kr 452.000
Reduserte inntekter ved stenging av SFO	Kr 65.000
Reduksjon av 150% stilling vaksenopplæring frå 1/7-20	-kr 510.000
Reduserte lønsutgifter m.a. vakanse i skuleleiinga	-kr 229.000
Kostnader sikker utskrift	Kr 50.000
Sum endringar:	Kr 328.000

Skyssutgiftene til skuleskyss aukar og det er stipulert at det er behov for å styrkje denne posten med kr 100.000.

Det har blitt gjennomført ulike tiltak for å gjere skulebygg meir universelt utforma. Dette til ein kostnad av kr 40.000. Normalt skulle ei slik utgift vore heimehøyrande for teknisk. Dette underbygger behovet for ei ansvarsavklaring mellom teknisk og brukarar av kommunale bygg.

Visma-flyt er innført utan at det er teke omsyn til driftskostandene i budsjettet. For skule utgjer dette auke i utgifter på kr 55.000 for i år.

Auke i bruk av nettbrett/lærebrett i skulen har medført auke i diverse lisensutgifter. Dette var ikkje teke fullt omsyn til når vedtak om innføring blei gjort. Dette representerer ein auke i driftsutgifter på omlag kr 100.000.

Grunnskuleopplæring for vaksne er ein lovfesta rett for dei som ikkje har fått tilstrekkelig grunnskuleopplæring. Det vert vurdert som ei rimlegare løysing å kjøpe denne tenesta frå anna kommune. Dette til ein kostnad på kr 125.000 for hausten.

Det var i budsjettet lagt til grunn 2 mnd. leige av bedehuset, i samband med utbygging av Kyrkjebygda oppvekstsenter. Prosjektet blei noko forseinka og i tillegg tok ikkje budsjettet omsyn til utgifter til straum m.m. Det er derfor behov for å auke ramma med kr 80.000 på denne bakgrunn.



Jf. vedtak i f-sak 38/20, 39/20, 40/20 og 51/20 vert skule tilførd kr 452.000 i høve til hausten 2020.

Bortfall av inntekter på SFO ved stenging utgjorde kr 65.000.

Det har så langt i år vore mellombelse løysingar på m.a. einingsleiar, rektor Tveit og andre funksjonar i eininga. Det har i tillegg vore innsparing ved bruk av mindre vikar på ulike andre område. Dette har i sum gitt grunnlag for ei innsparing på kr 229.000.

#### **Eining for barnehage (05):**

Kostnader ved Visma-flyt	Kr 70.000
Tap av inntekter ved stengte barnehagar	Kr 215.000
Reduksjon av 100% stilling 2-språkleg medarb. Frå 1/8-20	-kr 220.000
Ledige lønsmidler vakanse/sjukefråvær	-kr 116.000
Kostnader sikker utskrift	Kr 13.000
Sum endringar:	-kr 38.000

Visma-flyt er innført utan at det er teke omsyn til driftskostandene i budsjettet. For barnehage utgjer dette auke i utgifter på kr 70.000. Denne summen omfattar og ei etterfakturering frå 2019.

Stenging av barnehagane utgjer bortfall av inntekter på kr 215.000.

Jf. vedtak om nedtrapping av innsats på integrering blei det fatta vedtak om at 100% stilling som 2-språkleg medarbeidar skulle trekkast inn. Dette vert effektuert frå og med 1. august.

Det har så langt i år vore mellombelse løysingar på einingsleiar. I tillegg har det vore innsparing ved bruk av mindre vikar på ulike andre område. Dette har i sum gitt grunnlag for ei innsparing på kr 116.000.

#### **Eining for kultur (06):**

Reduksjon av eigenbetaling kulturskule jf. k-sak 20/20	Kr 20.000
Ekstrautgifter 17. mai	Kr 14.000
Teleslynge i Fleirbrukshuset	Kr 43.000
Reduksjon av 60% stilling 2-språkleg medarbeider frå 1/6-20	-Kr 125.000
Kostnader sikker utskrift	Kr 5.000
Sum endringar:	-Kr 43.000

På grunn av endra undervisning i kulturskulen som ei tilpassing til smitteverntiltak, blei det bestemt å redusere eigenbetalinga for våren med 30%. Dette utgjer reduksjon av inntekter på kr 20.000.

Det blei gitt stønad til kvar 17. mai komité på kr 1.000. I tillegg blei det leigd inn bistand til å streame ulike arrangement. Dette til ein kostnad på kr 10.000 (eks. mva.)

Teleslynge i Fleirbrukshuset har vore etterlyst lenge. Det er tidlegare gjort vedtak om at dette skulle kome på plass og det blei løyva midlar til dette. Men litt usikkerhet om tekniske løysingar har gjort at dette har blitt utsatt. Løyvinga som blei gjort for 2 år sidan «forsvann» i samband med at einingsfond blei trekt inn. Det vert derfor tilrådd å auke ramma med kr 43.000 (sum eks. mva.).

Jf. vedtak om nedtrapping av innsats på integrering blei det fatta vedtak om at 60% stilling som 2-språkleg medarbeidar skulle trekkast inn. Dette vert effektuert frå og med 1. juni.

**Eining for helse og habillitering (07):**

Reduksjon av inntekter legekantor	Kr 250.000
Kostnader sikker utskrift	Kr 11.000
Sum endringar:	Kr 261.000

Etter utbrot av covid-19 blei legekantoret stengt for anna enn akutt hjelp. Dette blei etterkvart lempa på og etterkvart blei legekantoret opna heilt. Men sjølv om det ikkje er noko avgrensing i å oppsøke legekantoret er det framleis mykje lågare aktivitet på kantoret. Kor lenge det blir slik er sjølv sagt vanskelig å seie noko om. Men det vert tilrådd å redusere inntektsanslaget med kr 250.000 på legekantoret. Det vil seie at ein legg til grunn normal aktivitet i løpet av nær framtid.

I høve til T-skjorter til topptur-prosjektet legg ein til grunn at arbeidet med å finne eksternt finansiering finn si løysing.

**Eining for omsorg (08):**

Auke utgifter smittevernustyr	Kr 50.000
Inntektssvikt heimehjelp	Kr 40.000
Ekstra utgifter vikar m.m.	Kr 67.000
Kostnader sikker utskrift	Kr 11.000
Sum endringar:	Kr 168.000

Så langt har innkjøp av smittevernustyr gitt ein utgift utover budsjett på kr 50.000.

Heimehjelpene har hatt mindre oppdrag/aktivitet i mars/april og dette utgjør bortfall av inntekter på kr 40.000. Det vert lagt til grunn at aktiviteten i nær framtid er på normalt nivå att.

Ein har gått gjennom budsjettet og gjort nokre omprioriteringar, i høve til sjukepengar og vikarbruk. Men i sum finn ein ikkje inndecking for alle utgifter og det vert tilrådd å styrke ramma med kr 67.000 i høve til vikarpostar.

**Eining for teknisk drift (09):**

Svikt i leigeinntekter kommunale bustader	Kr 200.000
Ferjebustad Fjone – restløyving frå 2019 + tilleggskostnader	Kr 66.000
Trygdebustad Framnes – restløyving 2019 + nye kostnader (eks.mva)	Kr 300.000
Asfaltering Smeitkollen 18 og 20 (Oddane) (eks.mva)	Kr 64.000
Avvik brannsyn Tveit skule og brann dører (eks. mva)	Kr 95.000
Led-armatur Fleirbrukshuset (eks. mva)	Kr 80.000
2 nye grasklipparar (eks.mva)	Kr 20.000
Nye benkar og avfallsdunkar rasteplassar/friområde (eks.mva)	Kr 44.000
Utbetring jordfeil gatelys Smeitkollen (eks.mva)	Kr 72.000
Reduksjon av kostnad straum	-kr 700.000
Kostnader sikker utskrift	Kr 4.000
F-sak 38/20 – spes.ped. tiltak – bygg-tekniske konsekvensar	Kr 57.000
Utgifter beredskapsarbeid covid-19	Kr 200.000
Sum endringar:	Kr 502.000

3-4 kommunale bustader har stått ledige over lengre tid. Det er grunn til å tru at dei helle ikkje vil vere leigd ut fullt resten av året. Dette gir tap av leigeinntekter på omlag kr 200.000.

I 2. tertial blei det løyvd midlar til utbetring av ferjebustaden på Fjone, rehabilitering av ein av trygdebustadane på Framnes og asfaltering utafor aldersbustad i Smeitkollen. Desse prosjekta var då med å danne grunnlag for eit mindreforbruk for eininga i 2019. Sum knyt

opp til dette var noko høgare enn kva som blei rapportert i årsmelding. Det vert tilrådd å vidareføre desse restløyvingane på til saman kr 430.000 i 2020.

Utgifter til lukking av avvik (kr 58.000) etter branntilsyn vert og tre branndører (kr 37.000) vert tilrådd løyva midlar til.

Skifte til led-armatur i Fleirbrukshuset vert vurdert til å vere både eit enøk.tiltak, samstundes som det er effektiviserande og eit godt tiltak økonomisk sett på litt lengre sikt. Kostnad kr 80.000.

Nye grasklypparar (kr 20.000) og nye benkar/sjøppeldunkar (kr 44.000) er for å oppretthalde dagens nivå.

Dersom ein vel å ikkje utbetre jordfeilen på gateljoset i Smeitkollen kan dette leie til utfall av gateljoset og mogleg «regresskrav» frå Vegvesenet. Kostnad kr 72.000.

I budsjettet for 2020 blei utgifter til straum auka med kr 700.000 utover ordinær prisvekst. Dersom ein legg til grunn same fordeling av straumforbruket gjennom året i 2020 som i 2019, gir dette grunnlag for å redusere budsjettet med kr 700.000.

Utgifter til overordna beredskapsarbeid er samla på eit ansvar under teknisk. Her har utgifter til butikkvertar (innleigd frå Raude kross), SMS-varsling, overtid til arbeid knyt til heimeside/informasjon, ekstra reinhaldsressurs og annonser blitt ført. Dette vert totalt budsjettert å utgjere totalt kr 200.000.

### **Plankontoret (10):**

Nedgang i inntekter oppmåling	Kr 300.000
Kostnader sikker utskrift	Kr 2.000
Sum endringar:	Kr 302.000

Nedgangen i inntekter/aktiviteten på oppmåling har blitt markant redusert i 1. tertial. Delar av nedgangen skuldast (ca. halvparten) ein faktura frå 2019 som blei kreditert, då oppdraget blei annullert. Nedgangen på kr 300.000 er berre Nissedal sin del av inntektene.

### **Ymse prosjekt (11):**

Ingen endringar	0
Sum endringar:	0

### **Sjølvkost (12):**

Endring av ramme pga. rentenedgang og endra avskrivningsgrunnlag	Kr 1.900.000
Sum endringar:	Kr 1.900.000

På bakgrunn av at prognose for kalkylerente på 1,34% og endra avskrivningsgrunnlag, ved at ikkje investeringsprosjekt vert budsjettert ferdigstillt i same grad som ved utarbeiding av budsjett så vert ramme for sjølvkost VA endra/auke med 1,9 mill. Dette må sjåast i samband med m.a. reduserte renteutgifter på sentrale utg./inntekter på 2,5 mill.

### **NAV (13):**

Ingen endringar	-0
Sum endringar:	0

**Næring (14):**

«Etterslep» løyvingar fellespott frå 2019	Kr 20.000
Auka bruk kraftfond næringsadministrasjon jf budsjett kraftfond	-Kr 27.000
Sum endringar:	-Kr 7.000

Kr 20.000 av støtte frå fellespotten for 2019 blei ikkje utbetalt før i 2020. Desse 20.000 inngjekk dermed i mindreforbruket til rammeområdet og må løyvast på nytt nå i 2020.

**Bevilgningsoversikt, netto ramme pr rammeområde (§ 5-4, 2.ledd)**

Tall i 1000 kroner	Opphavleg budsjett 2020	Budsjett- endring 1. tertial	Nytt budsjett 2020
<b>Netto driftsutgifter pr rammeområde</b>			
Felles	12 341	2 555	14 896
Sentrale inntekter, renter og avdrag	0	0	0
Eining for skule	29 913	328	30 241
Eining for barnehage	17 347	-38	17 309
Eining for kultur	4 544	-43	4 501
Eining for helse og habilitering	26 653	261	26 914
Eining for omsorg	27 658	168	27 826
Eining for teknisk drift	12 081	502	12 583
Interkommunalt plankontor	301	302	603
Ymse prosjekt	100	0	100
Sjølvkost - vatn og kloakk	-1 956	1 900	-56
Nav Nissedal	4 009	0	4 009
Næring og reiseliv	1 919	-7	1 912
<b>Sum fordelt frå Bevilgningsoversikt</b>	<b>134 910</b>	<b>5 928</b>	<b>140 838</b>

**Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:**

Felles	1 556	0	1 556
Sentrale inntekter, renter og avdrag	0	0	0
Eining for skule	0	0	0
Eining for barnehage	-130	0	-130
Eining for kultur	-15	0	-15
Eining for helse og habilitering	0	0	0
Eining for omsorg	-51	0	-51
Eining for teknisk drift	-284	0	-284
Interkommunalt plankontor	0	0	0
Ymse prosjekt	0	0	0
Sjølvkost - vatn og kloakk	-7 028	0	-7 028
Nav Nissedal	-109	0	-109
Næring og reiseliv	-1 279	0	-1 279

**Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) disposisjonsfond:**

Felles	0	0	0
Sentrale inntekter, renter og avdrag	-2 319	-3 360	-5 679
Eining for skule	0	0	0
Eining for barnehage	0	0	0
Eining for kultur	0	0	0
Eining for helse og habilitering	0	0	0
Eining for omsorg	0	0	0
Eining for teknisk drift	0	0	0
Interkommunalt plankontor	0	0	0
Ymse prosjekt	0	0	0
Næring og reiseliv	0	0	0

<b>Sum netto ramme og avsetnader/bruk av fond</b>	<b>125 251</b>	<b>2 568</b>	<b>127 819</b>
---	----------------	--------------	----------------

2.3 Budsjettendring kraft- og næringsfond

<b>Budsjett - kraftfondet 2020</b>			
<b>TEKST</b>	<b>Budsj. 2020</b>	<b>Endring 1.tertial</b>	<b>Nytt budsjett 2020</b>
<b>SALDO PR. 01.01.</b>			
Herav bunden kapital			
Avsett til kraftfondet i årsbudsjett 2020			
Regulerings- og konsesjonsavgifter	-1 434 000	-180 000	-1 614 000
Renter av fondskapitalen	-160 000	95 000	-65 000
Avdragsinntekter - utlån av kraftfondet			
Sum avsetnader til kraftfondet 2020	-1 594 000		-1 679 000
<b>Bruk av kraftfondet i årsbudsjett 2020</b>			
Avkastninga 2019 - disponibel i 20 (90%)	1 531 000	50 000	1 659 000
Udisponerte midlar frå tidlegare år (100% kraftfond)			0
<b>Næringstiltak:</b>			
Avsett til næringsfondet, avkastninga 2019 (40%)	637 000	101 000	738 000
<b>Fellestiltak drift:</b>			
Ansvar 1400 - Næringsadministrasjon	610 000	27 000	637 000
Ansvar 4620 - Tilskot til private vegar og drift av Fjoneferja	284 000		284 000
Sum bruk av kraftfondet i 2020	1 531 000		1 659 000
<b>SALDO PR. 31.12.</b>			
<b>AVKASTNINGA 2020, DISPONIBEL I 2021</b>			
Avsetnad av årets avkastning	1 594 000	85 000	1 679 000
Fordeler seg slik :			
Avsetnad til bunden kapital 10%	159 400	8 500	167 900
Disponibelt, avsetnad til næringsfond 40%	637 600	34 000	671 600
Disponibelt, kraftfondsmidlar 50%	797 000	42 500	839 500
<b>FONDSKAPITAL INKL. ÅRETS AVKASTNING PR. 31.12.</b>			

**Rekneskap - næringsfondet 2020**

SAK NR.	TEKST	Gjeldande Budsjett	Endring 1.tertial	Nytt budsj. 2020
	Saldo totalt 01.01.2020			
	<b>Avsett til næringsfondet :</b>			
	Renter næringsfond	-3 000	2 000	-1 000
	Avkastning frå Kraffondet (40% av avkastninga 19)	-637 000	-101 000	-738 000
	Sum avsetnader til (disponibelt) næringsfondet	-640 000	-99 000	-739 000
	Ledige midlar frå tidlegare år			-123 000
	Disponibelt i 2019			-862 000
	<b>Bruk av næringsfondet :</b>			
	Ansvar 1410 - Tilskot til Telemarksvegen	30 000		30 000
	Ansvar 1410 - Medlemskap i Friluftsrådet Sør	15 000		15 000
	Ansvar 1411 - Reiseliv/turisme	350 000	30 000	380 000
	Ansvar 1412 - Sysselsetjingstiltak	41 000		41 000
	Ansvar 4432 - Pelsdyrområde	0	10 000	10 000
	Sum bruk av næringsfondet i driftsrekneskapet	436 000		476 000
	<b>Tilbakekalling av vedtak</b>			
<b>SAK</b>	<b>Politiske vedtak (14703.1410) :</b>	<b>250 000</b>	<b>132 000</b>	<b>382 000</b>
		<b>LØYVINGAR:</b>		
	Garanti for Fram-seglingar sommaren 2019	12 000		
Fsak 17/20	Johansen Gardsprodukter	25 000		
Fsak 36/20	Garanti for Fram-seglingar sommaren 2020	25 000		
Fsak 36/20	Sentrumsvandringar sommaren 2020	2 000		
Fsak 46/20	Næringstilskot - Meinstad landhandel	25 000		
Fsak 47/20	Sponsing - Gautefall Sportsfestival 2020	20 000		
Fsak 48/20	Tilskot - Kom til Vest-Telemark 2020	30 000		
	Sum politiske vedtak:	139 000		
	<b>Nr. Administrative vedtak</b>	<b>24 000</b>		<b>24 000</b>
	Sum administrative vedtak:	0		

## 2.4 Prosjektramme- Bevilgningsoversikt (Investeringsprosjekt)

## Bevilgningsoversikt investering (§5-5 1.ledd)

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett- endring	Nytt budsjett
Investeringar i varige driftsmidlar	64 453	-13 267	51 186
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	500	0	500
Utlån av egne midlar	2 339	0	2 339
Avdrag på lån	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>67 292</b>	<b>-13 267</b>	<b>54 025</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift	-6 085	2 847	-3 238
Tilskot frå andre	-9 243	-7 170	-16 413
Sal av varige driftsmidlar	-1 140	-52	-1 192
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av egne midlar	0	0	0
Bruk av lån	-49 674	13 417	-36 257
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-66 142</b>	<b>9 042</b>	<b>-57 100</b>
Vidareutlån	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	479	0	479
Mottekne avdrag på vidareutlån	-479	0	-479
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overføring frå drift	0	0	0
Netto avsetnader til eller bruk av bunde investeringsfond	-1 150	1 753	603
Netto avsetnader til eller bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0
Dekking av tidlegare års udekka beløp	0	2 472	2 472
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetnader</b>	<b>-1 150</b>	<b>4 225</b>	<b>3 075</b>
<b>Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



Bevilningsoversikt-investering pr. prosjekt (Raude tal betyr at nva inngår i tala)	Forventa total prosjektkostnad	Prosjekt- kostnad totalt pr. 31.12.19	Budsjett 2020	Nytt i 2019 løyvest 2020	Endring av prosjektramme	Endring av løyving i 2020	Ny prosjektramme	Nytt budsjett 2020	Gjennomføring selnare enn 2020
0528 VA-Gautefallheia-Nissedal sin del av 0535	4 140 000	128 666	189 000	0	0	0	4 140 000	0	4 011 000
0551 Overvåkingsanlegg - VA drift	1 000 000	900 950	189 000	-89 950	-99 000	-99 000	901 000	0	
0591 Tur-/sykkelløype Amli - Treungen	3 049 000	2 778 514	277 000	-6 514	415 000	415 000	3 464 000	683 000	
0604 Anleggsbidragsavtale - Naurak, felt 1, ødel. kloakk	955 000	899 570	0	55 430	0	0	955 000	55 000	
0605 Anleggsbidragsavtale - Svikollen hyttefelt vatn og avløp	3 475 000	3 102 494	372 000	0	0	0	3 475 000	372 000	
0609 Prosjektering - hovudledning - Treungen - Kyrkjelygda	1 700 000	1 227 752	265 000	207 248	-120 000	-120 000	1 580 000	352 000	
0615 Aktivitetspark - Kyrkjelygda oppvekstsenter	787 000	373 803	412 000	0	0	0	787 000	412 000	
0616 Hovudledningar - vatn og kloakk Kyrkjelygdheia	14 210 000	17 619 770	0	-2 992 770	4 700 000	4 700 000	18 910 000	1 707 000	
0617 Høgebasseng og trykkaugar - Kyrkjelygdheia	9 700 000	8 242 352	0	1 457 648	0	0	9 700 000	1 458 000	
0634 Opprusting eksisterande anlegg - Kyrkjelygdheia	6 000 000	2 435 720	4 150 000	-585 720	200 000	200 000	6 200 000	3 764 000	
0620 Ombygging/tilbygg - Kyrkjelygda oppvekstsenter	16 655 000	13 337 483	3 348 000	-30 483	0	0	16 655 000	3 318 000	
0625 Vass- og avløpsledning Treungen-Kyrkjelygda	25 000 000	19 059 220	5 500 000	440 780	0	-2 000 000	25 000 000	3 941 000	2 000 000
0627 Infrastruktur - digitalisering i barnehage og skule	1 905 000	1 665 168	0	239 832	0	0	1 905 000	240 000	
0629 Oppgradering - Agresso Millestone 7	375 000	118 055	0	256 945	-257 000	-257 000	118 000	0	
0630 Damkollen bustadfelt	2 952 000	2 145 776	682 000	124 224	50 000	50 000	3 002 000	856 000	
0631 FKB-kartlegging (Nissedal og Kviteseid)	909 000	503 094	406 000	0	-81 000	-81 000	828 000	325 000	
0632 Tenestebilar omsorg/teknisk	600 000	250 000	350 000	0	100 000	100 000	700 000	450 000	
0638 Kunstgrasbane-Sentrallidrettsanlegget i Treungen	1 381 000	1 372 671	125 000	8 329	58 000	58 000	1 439 000	66 000	
0640 Forprosjekt - Nissedal ungdomsskule	125 000	0	125 000	0	0	0	125 000	125 000	
0641 Forprosjekt - renovering/ny brannstasjon	125 000	111 125	0	13 875	0	0	125 000	14 000	
0593 Omsorgsbustader ved Nissedal omsorgssenter	8 875 000	60 948	8 750 000	64 052	12 040 000	12 040 000	20 915 000	8 000 000	12 854 000
0642 Multifunksjonsmaskiner-heile kommunen	750 000	731 815	0	18 185	0	0	750 000	18 000	
0643 Agresso reisemodul/ anleggsmodul/Kommunemr/SAF-T	381 000	0	381 000	0	257 000	257 000	638 000	638 000	
0644 Ombygging/Ny brannstasjon	15 000 000	0	15 000 000	0	0	0	15 000 000	5 000 000	10 000 000
0645 Ombygging vaskeri - NOS	727 000	0	727 000	0	0	0	727 000	727 000	
0646 Grovkjøkken - NOS	187 000	0	187 000	0	0	0	187 000	187 000	
0647 Snøfresar til traktor	112 000	112 500	112 000	-112 500	0	0	112 000	0	
0648 Høgebasseng (Tveit og Framnes)	20 300 000	0	20 300 000	0	-12 000 000	-12 000 000	8 300 000	500 000	7 800 000
0649 To nye pumpestasjonar avløp - Gautefall	1 200 000	0	1 200 000	0	0	0	1 200 000	1 200 000	
0650 Driftsovervakning - pumpestasjonar	850 000	0	850 000	0	99 000	99 000	949 000	949 000	
0651 Oppgradering av/etablering av nye kummar	400 000	0	400 000	0	0	0	400 000	400 000	
0653 Utbygging/savtale - Øverlandshieia	9 640 000	6 546	0	9 633 454	100 000	100 000	9 740 000	9 733 000	
0654 Utbygging/savtale - Krageråsén	3 693 000	0	0	3 693 000	20 000	20 000	3 713 000	3 713 000	
0655 Båt til VA-avdelinga og Brannvesenet (50/50)	0	0	0	0	338 000	338 000	338 000	338 000	
0656 Nye bekken-spyllarar på NOS	0	0	0	0	288 000	288 000	288 000	288 000	
0658 Ny felemaskin til traktor	0	0	0	0	105 000	105 000	105 000	105 000	
<b>SUM</b>	<b>157 158 000</b>	<b>77 183 992</b>	<b>63 983 000</b>	<b>12 395 065</b>	<b>6 213 000</b>	<b>4 213 000</b>	<b>163 371 000</b>	<b>49 936 000</b>	<b>36 665 000</b>
0535 VA - Gautefallheia - trimnå - Drangedal avløp	9 000 000	375 054	0	0	0	0	9 000 000	534	8 625 000
0652 Forprosjekt nytt reinseanlegg	750 000	0	750 000	0	0	0	750 000	750 000	
0657 Høgebasseng Tveit (Treungen)	0	0	0	0	12 000 000	12 000 000	12 000 000	500 000	11 500 000
<b>SUM VA-GAUTEFALLHEIA</b>	<b>9 750 000</b>	<b>375 054</b>	<b>750 000</b>	<b>0</b>	<b>12 000 000</b>	<b>12 000 000</b>	<b>21 750 000</b>	<b>1 250 534</b>	<b>20 125 000</b>
<b>SUM</b>	<b>166 908 000</b>	<b>77 559 046</b>	<b>70 733 000</b>	<b>12 395 065</b>	<b>18 213 000</b>	<b>16 213 000</b>	<b>185 121 000</b>	<b>51 186 534</b>	<b>56 790 000</b>



## Status for Investeringsprosjekt - 1.tertial 2020

Nissedal kommune har vedteke svært mange og store investeringsprosjekt i budsjett for 2020.

I rapporten for 1.tertial er det naturleg å sjå til rekneskapen for 2019 for dei prosjekta som starta då, og justere for dei avvika som kom fram her (unyttå løyvingar). Vidare er det gjort fleire politiske vedtak så langt i år, der dei budsjettmessige sidene skal takast omsyn til i 1.tertial. Ved gjennomgang av status på det enkelte prosjekt, ser rådmannen også at det er behov for tilleggsløyvingar, og desse vert forklart bakgrunnen for i denne rapporten.

0551- Overvakingsanlegg – VA drift

Det vart løyva 1 million i 2018 til utviding av overvakingssystemet innan VA-sektoren, og det står att ein udisponert sum på kr 99.000. Då det i budsjett for 2020 også er løyva kr 850.000 til same føremål (Prosjekt 0650), tilrådest det å slå saman desse til ei samla løyving på kr 949.000.

0591 – Tur-/sykkelløype Åmli – Treungen

Når det gjeld opparbeiding av sykkeltraseen, så er dette arbeidet så godt som ferdig. Omfanget av arbeid har vore tilpassa den økonomiske ramma. Det ligg også eit delprosjekt knytt til skilting her, med ei kostnadsramme på kr 250.000 inkl. mva. Her er gjennomføring blitt noko annleis ved at Nissedal har vore ansvarleg for all skilting, også i Åmli kommune. Løyvinga må aukast med kr 415.000, men blir finansiert av refusjon frå Åmli kommune og auke i Stui-tilskot (Åmli sin del). Også skiltinga er så godt som på plass. Det vert nå også korrigert for ein feil i opprinneleg budsjett for 2020, der kr 277.000 inkl. mva som vart trekt ut i 2019, er blitt til kr 277.000 eks. mva i 2020.

0593 – omsorgsbustader - omsorgssenteret

Dei budsjettmessige konsekvensane av Ksak 6/20 (endeleg vedtak om bygging) og Fsak 53/20 (ekstern byggeleing) er teke inn i rapporten her. Det er kontrahert firma for detaljprosjektering, som har starta opp arbeidet sitt nå i slutten av mai.

0604 – Anleggsbidragsavtale – Naurak, felt1, øvdre del, kloakk

Det står att ein udisponert sum på kr 55.000 i 2019 som tilrådest overført til 2020. Kostnader dekkast 100% av anleggsbidrag frå utbygger.

0605 – Anleggsbidragsavtale – Svivkollen hyttefelt, vatn og kloakk

Det står att ein udisponert sum på kr 372.000 i 2019 som tilrådest overført til 2020. Kostnader dekkast 100% av anleggsbidrag frå utbygger.

0609 – Prosjektering – hovudleidning – Treungen-Kyrkjebygda

Denne løyvinga gjaldt generell prosjektering før dette vart vedteke som eit eige byggeprosjekt. I 2.tertial 2019 vart udisponert sum stilt til disposisjon til diverse arbeid med ulike tilkoplingspunkt på Fjonesida, arbeidet med utsleppsløyve, framtidig reinseløysing og nye høgdebasseng i Treungen og Kyrkjebygda. Rådmannen tilrår nå å disponere kr 120.000 av desse til påløpte kostnader på Prosjekt 0653-Utbyggingsavtale-Øverlandsheia/0654-Utbyggingsavtale-Kragerøåsen. Resterande løyving, kr 352.000, vert framleis tilrådd å stå til disposisjon.

0615 – Aktivitetspark – Kyrkjebygda oppvekstsenter

Prosjektet er i ferd med å bli avslutta, i tråd med budsjett og avtale med Nissedal idrettslag.

0616 – Hovudleidningar – vatn og kloakk – Kyrkjebygdheia/0617 – Høgdebasseng og trykkaukar – Kyrkjebygdheia

Desse prosjekta hadde ei samla prosjektramme på kr 25.410.000 (ksak 2/18), der kr 14.210.000 vart avsett til hovudleidningen. Prosjektramma vart i 2.tertial 2019 redusert med kr 1,5 million, som vart overført prosjekt 0634. Rådmannen rapporterte i årsmeldinga for 2019 at det her var eit betydeleg meirforbruk, og at dette ville ytterlegare auke ved fullføring av prosjektet nå i 2020. Så langt ser det ut til at meirforbruket vil bli omlag kr 4,7 millionar. Omdisponeringa av 1,5 million var det altså ikkje rom for i det heile, og rådmannen beklagar at det tidlegare er vurdert slik. Ei overskriding av den opprinnelege ramma på 3,2 million er eit betydeleg avvik. Hovudårsakene til dette er eit langt større behov for oppfylling av stabile masser, både i nedre og øvre del av leidningstraseen. Rådmannen har gått gjennom dette i ettertid, men kan ikkje sjå at det kunne vore løyst på andre måtar innanfor anleggsbidragsavtala med Kyrkjebygdheia AS. I dette ligg at leidningstraseen skulle fylgje planlagt vegtrase. Det er også påløpt ein del ekstra konsulentkostnader knytt til avvik i leveringa av høgdebassenget. I denne avtala går det også fram at endeleg anleggsbidrag skal fastsetjast på grunnlag av dei reelle kostnadene, så noko av meirkostnaden må ein legge til grunn blir dekkja av auka anleggsbidrag.

0634 – Opprusting eksisterande anlegg – Kyrkjebygdheia

Løyvinga på kr 4,5 million er ein del av anleggsbidragsavtale med Kyrkjebygdheia AS, og gjeld i hovudsak oppgradering av pumpestasjonar/trykkaukarar som kommunen nå har overteke. Tiltaka går fram av eigen rapport frå Asplan Viak AS. I detaljplanlegginga av desse tiltaka har det kome fram moment (driftserfaring i vinter og planar om vidare utbygging) som tilseier andre løysingar enn det som var lagt til grunn. Rådmannen vil legge fram eiga sak på dette.

Prosjektet fekk ei tilleggsløyving i 2.tertial 2019 på kr 1,5 million til bygging av ein ny vassleidning. Reell kostnad for denne syner seg å vere kr 1,7 million. Meirkostnaden på kr 200.000 er det ikkje dekning for i prosjektramma.

0620 – Ombygging/tilbygg – Kyrkjebygdha oppvekstsenter

Prosjektet er heilt i slutfasen, og bygget er teke i bruk att. Prosjektet er gjennomført innanfor ramma.

0625 – Vass- og avlaupsleidning – Treungen-Kyrkjebygdha

Løyving på kr 25 millionar omfattar hovudleidningar for vatn og kloakk mellom Treungen og Kyrkjebygdha, slik at det lokale vassverket og kloakkreinseanlegget kan leggjast ned. Hovudleidningane går også innom sentrale stadar på Fjonesida for å kunne forsyne nye abonnentar her. Prosjektet er i slutfasen. Det står att diverse arbeid knytt til landtak som vil bli utført så snart vasstanden i Nisser er låg nok. Ombygging av Naurak RA og Nissedal RA til pumpestasjonar vil ikkje bli gjort før Treungen RA er erstatta med større kapasitet. Dette utgjer ein kalkulert kostnad på kr 2 millionar som kan trekkast ut av budsjettet for 2020.

0627 – Infrastruktur – digitalisering i barnehage og skule

Det står att eit udisponert beløp på kr 240.000 i 2019. Rådmannen tilrår desse overført til 2020, då ein ennå ikkje ser seg som ferdig med fysisk og digital infrastruktur. Barnehagane manglar ennå visningsflater, fleire smartboard-tavler i skulen byrjar å bli gamle og den digitale infrastrukturen utviklast stadig.

0629 – Oppgradering – Agresso Milestone 7

Det står att ein udisponert sum på kr 257.000 i 2019. Dette må sjåast i samanheng med Prosjekt 0643, som også gjeld diverse oppgradering av økonomisystemet Agresso. Det har vore behov for mange tilpassingar siste år, nokre er myndighetskrav og nokre er grunngeve med kvalitet/effektivitet. Rådmannen tilrår å slå desse saman, og overføre den udisponerte summen til Prosjekt 0643.

0630 – Damkollen bustadfelt

Arbeidet er i slutfasen. Prosjektet får ein ekstrakostnad på kr 50.000 knytt til anleggsbidrag til VTK, då det syner seg at det må leggest to tilførselsleidningar i staden for ein som var planlagt.

0631 – FKB-kartlegging (Nissedal og Kviteseid)

Kartprosjekt i regi av Kartverket som går etter planen.

0632 – Tenestebilar omsorg/teknisk

Prosjektet har ein udisponert sum på kr 350.000 i 2019, som var avsett til bil til teknisk drift. Rådmannen har ikkje klart å finne eigna bil innanfor denne summen. Slik som vaktmeistertenestene er organisert, må det meste av verkøy vere tilgjengeleg i bilen, og i tillegg treng ein ofte å ha med diverse utstyr og materiell. Rådmannen tilrår å auke ramma med kr 100.000.

0638 – Kunstgrasbane – Sentralidrettsanlegget i Treungen

Prosjektet var ferdig i 2019, men det er i 2020 påløpt kr 66.000 til ljøs, gjennom eit arbeid i regi av Treungen idrettslag. Rådmannen var ikkje klar over at dette var drøfta i formannskapet, og har ikkje fanga opp behovet for endring av investeringsbudsjettet før.

0640 – Forprosjekt – Nissedal ungdomsskule

Prosjektering- og byggenemnda har fått i mandat å utgreie moglege løysingar. Rådmannen har ennå ikkje hatt kapasitet til å starte opp dette arbeidet.

0641 – Forprosjekt – reovering/ny brannstasjon

Det står att ein udisponert sum på kr 14.000 i 2019 som tilrådest overført til 2020 for å dekke allereie påløpte kostnader. Forprosjektet er nå avslutta ved at det er vedteke bygging/kjøp i ksak 28/20.

0642 Multifunksjonsmaskiner – heile kommunen

Det står ein udisponert sum på kr 18.000 i 2019. Prosjektet har hatt nokon kostnader også i 2020, og rådmannen tilrår å overføre denne til i år.

0643 Agresso Reisemodul/Anleggsmodul/Tilpassing til nytt kommunenr/SAF-T

Rådmannen gjorde greie for behovet for løyving i 2.tertial 2019. Prosjektet må sjåast i samanheng med *0629-Oppgradering-Agresso Milestone 7*, der det står ein udisponert sum på kr 257.000 i 2019. Rådmannen tilrår å auke budsjetttramma med denne summen.

0644 Ombygging/Ny brannstasjon

Det vart i Ksak 28/20 vedteke å kjøpe Telemark bilruter sitt bygg og bygge på dette. Kjøpet er gjennomført. I tillegg ser rådmannen føre seg at detaljprosjektering og kontrahering vil kunne skje i 2020, kanskje også noko bygging. Rådmannen tilrår å redusere budsjetttramma for 2020 til kr 5.000.000. Resten overførast 2021.

0645 Ombygging vaskeri - NOS

Prosjektet er sett på vent som følgje av tiltak for å hindre smitte av Covid-19. Det er også kome signal frå bygge- og prosjekteringsnemnda at ein ønskjer å greie ut mogleg felles vaskeri i det nye kombinasjonsbygget for teknisk/brann. Budsjettløyvinga bør oppretthaldast inntil vidare.

0646 Grovkjøkken - NOS

Prosjektet er sett på vent som følgje av tiltak for å hindre smitte av Covid-19. Budsjettløyvinga bør oppretthaldast inntil vidare.

0647 Snøfresar til traktor

Ny snøfresar vart kjøpt inn seint i desember 2019, og kostnadene vart ein del av rekneskapan for 2019. Budsjettløyvinga i 2020 kan difor trekkast tilbake.

0648 Høgdebasseng (Tveit og Framnes)

I budsjettet for 2020 vart det sett av kr 20.300.000 til desse to høgdebassenga. Det er ennå tidleg i utgreiingsfasen, men budsjettet bør oppdaterast ut i frå at Drangedal har eit ansvar for delar av høgdebassenget i Treungen. Rådmannen finn det og naturleg å skilje dette i to prosjekt, og tilrår å etablere eit nytt prosjekt 0657-Høgdebasseng Tveit (Treungen), der ein overfører ei ramme på kr 12.000.000 frå 0648. Samstundes er det lite truleg at desse høgdebassenga vert bygd nå i 2020, og rådmannen tilrår å redusere budsjetttrammene til kr 500.000 på kvart prosjekt til prosjektering og kontrahering.

0649 To nye pumpestasjonar avløp – Gautefall

Anbod er gjennomført og kontrakt er i ferd med å bli signert.

0650 Driftsovervaking – pumpestasjonar

Det er innhenta tilbod frå leverandøren av driftsovervakinga, og kontrakt er i ferd med å bli signert.

0651 Oppgradering av/etablering av nye kummar

Arbeidet er ennå ikkje starta på.

0653 Utbyggingsavtale – Øverlandsheia

Arbeidet med hovudleidningar er godt i gang. Ingen avvik å melde om, så langt. Rådmannen har nytta Asplan Viak AS til oppfylging og byggeleiing, og disponert kr 100.000 frå Prosjekt 0609 til dette.

0654 Utbyggingsavtale - Kragerøåsen

Arbeidet er ennå ikkje starta på, men hytteforeninga er godt i gang med å bygge den interne infrastrukturen. Rådmannen har disponert kr 20.000 til prosjektering frå Prosjekt 0609.

0655 Båt til VA-avdelinga og brannvesenet (50/50)

Båten er kjøpt inn innanfor budsjetttramma fastsett i Ksak 29/20.

0656 Nye bekkenspylarar på NOS

Desse er bestilt til ein kostnad innafor budsjetttramma fastsett i Ksak 27/20.

0658 Ny feiemaskin til traktor

Denne er bestilt til ein kostnad innanfor budsjetttramma fastsett i Fsak 54/20.

**Fellesprosjekt med Drangedal**0535 – VA-Gautefallheia – trinn4 – Drangedal avløp

Prosjektet er siste fase av Gautefallheia VA, og gjeld bygging av ny kloakkleidning mellom Gautefall Lodge og Gautefall reinseanlegg. Prosjektet var planlagt gjennomført ved avvikling av Gautefall reinseanlegg, men vart starta opp tidlegare grunna Drangedal kommune sitt behov for å også føre fram vassleidning i same grøfte-trase. Det er påløpt ein del prosjekteringskostnader, men arbeidet har nå stoppa opp grunna manglande avtale med grunneigar. Det er høgst usikkert om dette vil bli gjennomført i 2020, og rådmannen tilrår å ikkje ta det med i investeringsbudsjettet nå.

0652 Forprosjekt nytt reinseanlegg

Det vart i Ksak 11/20 løyva kr 750.000 til felles bygge og prosjekteringsnemnd for Drangedal og Nissedal. Nemnda har konstituert seg, og rådmannen har omdisponert personell for å fylle prosjektleiarrolla. Det vert nå jobba med å knytte til seg eksternt konsulentmiljø.

0657 Høgdebasseng Tveit (Treungen)

Prosjektet tilrådest oppretta ved å splitte Prosjekt 0648 i to prosjekt. Høgdebassenget i Treungen er tenkt større enn det i Framnes, og ein har stipulert at 12 millionar av samla løyving gjeld dette. I budsjettet for 2020 vert det sett av kr 500.000 til prosjektering. Resterande projektramme overførast budsjett for 2021. Inntil det ligg føre ein anna fordelingsnøkkel, leggjast det til grunn ei fordeling på 50/50.

**Kommentarar til andre justeringar enn Investeringar i anleggsmiddel:**Dekking av tidlegare års udekka beløp

Det går fram av rekneskapen for 2019 at det står eit akkumulert udekka beløp i investeringsrekneskapen på kr 2.472.000, der kr 2.420.000 gjeld 2018. Beløpet i 2018 skuldast at fleire prosjekt hadde ei større framdrift på slutten av året, enn det ein såg føre seg i gjeldande budsjett, og det var ikkje vedteke nok bruk av lån. Rådmannen understrekar at dette ikkje må forvekslast med overskriddingar, då ledige lånemidlar var desto høgare ved utgangen av året. Rekneskapen for 2019 hadde også eit udekka beløp (kr 52.000). Dette skuldast manglande finansiering av eigenkapitalinnskotet i Klp, som det ikkje er høve til å finansiere med lån. Rådmannen tilrår å auke anslaget på inntekter frå sal av tomter med denne summen.

## 2.5 Rapport – Finansforvaltning

Det er så langt i 2020 ikke gjennomført låneopptak til finansiering av investeringar. Dette vil bli tatt opp i løpet av 2. tertial.

Rapportering for passiva:

	01.05.2020		
	Mill. kr	%	Dur.
Lån med pt rente	226,1	1%	
Lån med 3 mnd. NIBOR	0		
Lån med fast rente	0		
Finansiell leasing	0		
Samla langsiktig gjeld	226,1		
Effektiv rente	Ikkje berekna		
Tal på løpande enkeltlån	12		
Største enkeltlån	69,1 mill. i Kommunalbanken		

Rapportering for midlar til driftsføremål:

	01.05.2020		
	Mill. kr	%	Dur.
Innskot hjå hovudbank	24,1	0,28%	
Innskot andre bankar	0		
Samla kortsiktig likv.	0		
Avkastning			
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 15 mnd. Løpetid.	Ikkje aktuelt		
Største tidsinnskot			

Alle lån er jf. finansreglementet teke opp med flytande rente. Dette gjer til at kommunen er sårbar for renteendringar på innlån. Alle lån siste 5 år er tatt opp med 30 års avdragstid. Dette for å få betre samsvar med avskrivningstida på VA-anlegg. Utover at lån berre skal takast opp med flytande rente, legg gjeldande finansregelment opp til ei sær s låg risikoeksponering. Betingelser for tidsinnskot er nå blitt slik at det ikkje har noko større hensikt å ha midlar avsett med tidsbinding.

Det er ingen avvik å rapportere om mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

### 3. Handlingsdelen

Visjon for Nissedal kommune

NISSEDAL VIDARE.....

#### Hovudmål for Nissedal kommune:

- Nissedal kommune, ein kommune med folketal i vekst i alle delar av kommunen
- Nissedal kommune har god plass for alle og er eit trygt lokalsamfunn
- Kommunen driv eit aktivt og nyskapande næringsarbeid for eit allsidig og veksande næringsliv, til nytte og glede for fastbuande, hytteturistar og andre
- Kommunen legg dei lokale folkehelseutfordringane til grunn for planar, førebyggjande tiltak og tidleg innsats på alle område
- Aktivt kulturarbeid gir trivsel og identitet
- Innbyggjarane i Nissedal er stolte av kommunen sin
- Nissedal kommune legg krav til universell utforming til grunn ved all planlegging
- Nissedal kommune tilbyr tenester av høg kvalitet
- Barn og unge sine oppvekstvilkår er svært gode
- Kommunen sine levereglar er den viktigaste rettesnora for å nå utarbeidde mål
- Kommunen samverkar godt på tvers av fagområde og einingar i og utanfor kommunen.

#### Levereglar for Nissedal kommune:

Kommunestyret har vedteke følgjande levereglar for tilsette og politikarar i Nissedal kommune.

Vi skal vere:

- Rause
- Tydelege
- Opne og ærlege
- Oppgåveorienterte
- Imøtekomande og blide
- Stolte av arbeidsplassen og arbeidet vi utfører
- Samarbeidsviljuge og syne kvarandre resepekt og omtanke



### 3.1 Sentral leiging

#### Kommuneplanen sine mål:

**Sentral leiging ser til at heile kommuneorganisasjonen jobbar i retning av og i tråd med kommunen sine overordna mål.**

- Sentral leiging samordnar dei tilboda kommunen gir, slik at innbyggjarane får best mogleg tilbod.
- Sentral leiging samordnar dei ressursane kommunen rår over, slik at organisering, kompetanse og teknologi er best mogleg tilpassa dei behova kommuneorganisasjonen har.
- Sentral leiging legg til rette for eit godt arbeidsmiljø i heile organisasjonen, som blir synleggjort gjennom effektive og gode tenestetilbod for alle.
- Sentral leiging er pådrivar for vidare arbeid med å vere eit "trygt lokalsamfunn". I dette ligg både ei satsing på beredskapsarbeid frå sentral leiging si side, og samstundes eit ønske om å følgje dei godkjenningane som ligg i ordninga "trygt lokalsamfunn".
- Sentral leiging er pådrivar for at folkehelsearbeidet vert teke omsyn til i alle planar og einingar.
- Sentral leiging syter for at fellesrådet får føreseielege rammevilkår å jobbe under.

#### Fokusområder

- Skape eit økonomisk handlingsrom
- Rullering av kommuneplanen
- Folkehelse i all kommunal drift

#### Vidareføring av etablert drift:

#### Generelt

Gjennom heilskapleg tenking, på tvers av fag og organisering, skal dei kommunale tenestene vere av høg kvalitet.

Politisk nivå skal gjennom saker/informasjon/god dialog få eit godt grunnlag for å fatte vedtak, og gjennomføring av politiske vedtak skal skje så raskt som mogleg.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Revidere kommuneplanen sin samfunnsdel  
Dette har vore eit stort arbeid. Rådmannen sitt framlegg til plan blir lagt fram for formannskapet i juni.
- Sikre systematisk internkontroll innan hms og personvern i tråd med lovverk.  
Internkontrollsystemet Compilo er ikkje tatt i bruk enno
- Gjennomføre nedtrappingsplan for integreringsarbeidet  
I Kultur er 60 % stilling bemanna ned frå 1. juni. Nedtrapping 150 % VO og 100% i barnehage er gjennomført
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
Ei slik oversikt har Nissedal kommune no tilgang til ved at me abonnerer på Tilskuddsportalen.
- Gjennomføre beredskapsøvingar  
Ikkje gjort øvingar før kriseleinga vart sett permanent tidleg i mars. Rådmannen er i gang med å lage eit framlegg til rullering av den overordna beredskapsplanen.
- Tilpasse organisasjon og reglement til ny kommunelov  
Ikkje gjort. Krevjande å gjere sjølv i mangel på HR-ressurs. Rådmannen meiner at dette bør gjerast i samarbeid med nabokommunane.
- Etablere dialogforum med fylkeskommunen og Statens vegevesen  
Ikkje etablert enno



**Arbeidsgjevar-politikk**

Kommunen skal vere ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold.

Gjennom oppdaterte reglement, retningslinjer og rutinar skal kommunen ha ein tydeleg personalpolitikk, med fokus på eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.

Sentral leiing har eit spesielt ansvar for at det vert gjennomført vernerundar og medarbeidersamtalar, og at HMS er i eit skarpt fokus i heile organisasjonen.

Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsynt kompetanse i organisasjonen.

Kommunen skal opplevast som ein inkluderande arbeidslivsbedrift som arbeider med å førebygge og redusere sjukefråvær, styrkje jobbnærværet, betre arbeidsmiljøte og hindre utstøying og fråfall frå arbeidslivet

Sjukefråværet var 6,83 % for heile kommunen i 2017. I 2018 var fråværet på 4,88 % Målsettinga for 2020 er å halde sjukefråværet på samle låge nivå som dei tre siste åra.

**Spesielle tiltak/endingar i 2020**

- Ha eit særleg fokus på arbeidsgjevarrolla i nedbemanningsprosessar  
Rådmannen saman med sine einingsleiarar er klar over kor viktig det er å føre ein god arbeidsgjevarpolitikk i nedbemanningstider. I prosessane nyt rådmannen god nytte av KS og andre organisasjonar.

**Informasjon til publikum**

Nissedal kommune skal vere i aktiv dialog med innbyggjarane og prioritere høgt å gje dei svar på dei spørsmål dei måtte ha. Aktiv bruk av heimesidene til kommunen og Facebook er eit viktig bidrag i denne samanheng.

**Spesielle tiltak/endingar i 2020**

- Fullføre tilpassingar av nye heimeside og avklare bruken av intranett  
Ny versjon av heimesida er på plass. Intranett er vidareført.

**Regionalt samarbeid og utvikling**

Nissedal kommune deltek i mange ulike samarbeid, både i form av etablert tenesteyting og meir utviklingsretta prosjekt. Kommunen skal vere ein aktiv part i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark generelt, og i dei interkommunale samarbeida spesielt.

**Spesielle tiltak/endingar i 2020**

- Delta i hovudprosjekt for kraftsamarbeid i Vest-Telemark  
Nissedal kommune har vedteke samarbeidsavtale, og deltek i oppgåvefelleskapet om kraftkompetanse. Det er tilsett dagleg leiar.
- Delta i hovudprosjekt om velferdsteknologi  
Prosjektet fungerer svært godt, og Nissedal kommune er involvert og deltek i fleire delprosjekt.

**Risiko- og sårbarheit – beredskapsplanar**

Gjennom ein samla beredskapsplan skal kommunen vere førebudd på hendingar og kriser som krev særskilde tiltak for å oppretthalde tenesteyting og/eller handtering av publikum, pårørande eller andre. Overordna risiko- og sårbarhetsanalyser skal til ei kvar tid vere oppdatert, og ligge til grunn for beredskapsplanen.

Korona – rapportering:

Kriseleiinga hadde sitt første møte om Korona den 6. mars. I dette møtet vart dei første, inngripande tiltaka vedteke. I starten var det daglege møter i kriseleiinga, og måndagar og torsdagar var møtene utvida med alle einingsleiarane, kommunalsjef samfunn og utvikling og kommunelege II. Desse møta var svært viktige både for den politiske og administrative leiinga i kommunen og innbyggjarar og fritidsbuarar i det vide. Det blir skrive fylldige referat frå kvart møte, og det vert lagt ut oppdateringar på vår heimeside. I dag er det møter kvar måndag.

Korleis me skal forhalde oss til Pandemien med ulike smitteverntiltak har vore krevande på alle måtar. Både den interne og eksterne fellesaktivitetar har vore lågare enn i normalsituasjonen. Eksterne fysiske møter er nyss teken opp att, og er framleis på eit minimum. Til erstatning har me brukt møter på Teams, og dette har vore ei nyttig erfaring. Rådmannen vurderer at Teams er komen for å bli, og at mange møter i framtida som utan Korona ville vore fysiske møter vil bli tatt på Teams. At dette aukar produktiviteten er lite tvilsamt.

### 3.2 Fellestenesta

**Kommuneplanen sine mål:**

Fellestenesta skal prioritere service til publikum og tilsette.

**Sentrale lovverk og planar med overordna fokus:**

Kommunelova  
Kommuneplanen  
Økonomiplan, budsjett og handlingsprogram  
Plan for kriseleiing og beredskap

**Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus i fellestenesta:**

Kommunelova  
Offentlegheitslova  
Arkivlova  
Forvaltningslova

**Vidareføring av etablert drift:**

Fellestenesta er ein stabsfunksjon som i stor grad yter interne tenester i organisasjonen, men også diverse tenester ut mot publikum. Fellestenesta er m.a. tillagt ansvar for arkiv og postrutinar, sentralbord og resepsjon, lønskontor, fakturering og innkrevjing, drift av heimeside, møtebehandling og saksdokument og merkantile personaloppgåver. Gjennom god kompetanse, heilheitleg perspektiv, fleksibel haldning og god dialog med resten av organisasjonen, skal fellestenesta bidra til at organisasjonen fungerer effektivt i dagleg drift.

**Spesielle tiltak/endingar i 2020**

- Oppfølging av utviding av samarbeidet med Kviteseid i høve til rekneskapsfunksjonen. Det er gjort tilsetjing i den utlyste stillinga som rekneskapsansvarlig. Den tisetle starta 01.01.20. Samarbeidet er dermed godt i gang. Men det gjenstår nokre avklaringar kring kva oppgåver som inngår i samarbeidet. I tillegg må ein og få ein formell avtale på plass i høve til denne delen av samarbeidet med Kviteseid.
- Innføring av «flyt» på reiserekningar/timelister  
Ein er i gang med testkjøring her. Det vert lagt opp til utrulling i løpet av hausten.
- Oppfølging av nytt innkjøpssamarbeid  
Nytt innkjøpssamarbeid var på plass/etablert frå årsskifte. Dei har kome i gang og har lyst ut nokre innkjøpsavtaler allereie. Det har så langt ikkje vore nokre møter eller drøftingar eigarkommunane i mellom.
- Vurdere arbeidsfordeling i høve til sårbarhet på kompetanse på einsskilde sentrale program/funksjonar.  
Ikkje gjort noko kring dette i 1. tertial.
- Fullføre innføringa av heimelsregister og etablere gode rutinar for vedlikehald av etablert heimelsregister.  
Det var tenkt å bruke Agresso (lønssystemet) til å halde denne oversikten. Då vi hadde fått etablert oversikten og skulle byrje registrere inn oversikten oppdaga ein fleire utfordringar i høve til vedlikehaldet av oversikten i høve til å bruke lønssystemet. Arbeidet har stoppa litt opp på bakgrunn av skifte av lønsmedarbeider og elles kapasitetsproblem.

### 3.3 Andre stabsfunksjonar

#### 3.3.1 Ikt

##### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan ikt:

Personopplysningslova og personopplysningsforskrifta  
Forskrift om IT-standarder i offentlig forvaltning  
Norm for informasjonsikkerhet  
Ikt-strategi for Vest-Telemark

##### Vidareføring av etablert drift:

Strategisk arbeid med ikt er organisert som stabsfunksjon. Dagleg drift av infrastruktur, rådgjeving og utviklingsarbeid vert i stor grad utført av eksterne tenesteleverandør, Aspit AS, i eit samarbeid med Fyresdal kommune og Seljord kommune. Ikt-strategi for Vest-Telemark legg opp til at mykje av dei strategiske vala innan ikt skal gjerast gjennom regionale prosjekt, der standardisering er ein overordna målsetnad. Nissedal kommune har ikkje ein eigen ikt-strategi.

##### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Delta i ulike regionale utviklingsprosjekt som er etablert, m.a.
  - digitaliseringsutval i regi av Vest-Telemarkrådet  
Kommunalsjef samfunn og utvikling deltek i utvalet på vegne av Nissedal. Utvalet/digitaliseringskoordinator har jobba mykje med å finne ein arbeidsform og korleis kommunane i Vest-Telemark bør samarbeide om digitaliseringsoppgåver. Grunna overgang til ny stilling i Vinje kommune, er stillinga som digitaliseringskoordinator ledig frå 1.august. Vest-Telemarkrådet har bestemt at stillinga lysast ut, sjølv om det bare er 1 år att av prosjektperioden, og det er starta ein prosess for å gjere ei slik stilling varig.
  - prosjekt knytt til «Orden i eige hus»  
Prosjektet har som føremål å utvikle eit system som gjer at kommunane har oversikt over kva for data som blir behandla/lagra til ei kvar tid i rganisasjonen. Grunna at KS har signalisert at dei vil ta inn denne løysinga som ei «nasjonal løysing», har Vest-Telemark-kommunane vald å avvente vidare prosess.
  - digitaliseringsprosjekt i regi av KS  
Det er lagt opp til at oppfølging av dette ligg til digitaliseringsutvalet, men det er så langt i år ikkje blitt implementert nye system knytt til dette.

### 3.3.2 Næring

#### Kommuneplanen sine mål:

**Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.**

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringsstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjenne og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan næring:

Strategisk næringsplan for Nissedal  
 Vedtekter for kraftfond og næringsfond  
 Strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2011-2014, med vidareføring av felles satsingar  
 Samarbeidsavtale med Telemark fylkeskommune  
 Handlingsplan for kommunalt KMD-fond  
 Småkommuneprogrammet  
 Rapport frå bu- og næringsutvalet i Nissedal kommune

#### Vidareføring av etablert drift:

Næringsarbeid er eit utviklingsarbeid der satsingsområda er satt opp i kommuneplanen sine mål. Det jobbast tett opp mot næringsdrivande, lag og organisasjonar, bl.a. er næringskonsulenten sekretær for Nissedal næringslag. Det vert satsa på reiseliv/turisme og kommunen har som mål å ha eit godt samarbeid med grunneigarane og Agder Energi om Jettegrytene. Nissedal kommune er også vertskommunen for kommunesamarbeidet "Telemarksvegen", der arbeidet elles er lagt til eiga styringsgruppe.

#### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Arbeide vidare med avklaring rundt tømmerrenna.  
 I kommunestyresak 59/2019 varsla Nissedal kommunestyre oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for eit område som omfattar tømmerrenna, Jettegrytene i Reinfossen og ny bilveg frå Espestøylsvegen ved Koranmoen til Jettegrytene. Dette er det planavdelinga som har ansvaret for.
- Framleis fokus på vitaliseringsprosessen av Telemarksvegen. Arbeide vidare med utvidingsprosessen av Telemarksvegen med særleg fokus på å auke verdiskapinga til aktørane langs og i tilknytning til Telemarksvegen.  
 Ny brosjyre for 2020 er satt på vent pga. koronasituasjonen. Nettsider og Facebookside vil bli drifta som før, men utan kostand for deltakarane. Den planlagde nye websida til Telemarksvegen er utsatt då ein ønskjer å avklare ei ev. utviding av vegen først. Det er oppretta ei arbeidsgruppe som jobbar med prosjekt Telemarksvegen – opplevingsveg. Forprosjektet "Telemarksvegen som opplevingsveg" har søkt, og fått, midlar frå Telemark Fylkeskommune, Aust-Agder fylkeskommune og Statens vegvesen.. Ein ser her for seg ei utviding av vegen frå Kristiansand til Drammen/Drøbak. Forprosjektet skulle ha vore avslutta hausten 2019, men dette er sett litt på vent for å få betre representasjon av næringslivet i styringsgruppa, samt nye representantar frå kommunane etter valet, og frå fylket etter samanslåinga.

- Arbeide tett opp mot nyttilsett "næringsfiskar" i samarbeid med Nissedal næringslag – «Nyskapande vekst i Nissedal».  
I desember starta John Rangfred Hanssen som prosjektleiar i ei 50% stilling. Jon har deltatt på årsmøtet til næringslaget, samt styremøter. Jon har også direkte kontakt med næringslivet, samt er med i styringsgruppa for eit Nidelva-samarbeid med 4 andre kommunar.
- Arbeide for at Treungen og andre stadnamn i kommunen vert meir synleg på vegskilting. Dette vert det arbeid med opp mot Telemarksvegen og Statens Vegvesen.
- Arbeide saman med Åmli, Fyresdal og Froland om eit mogleg prosjekt for betre utnytting av Nidelva.  
Det blei i 2019/2020 løyvd til saman 200.000kr frå Vestfold og Telemark, samt Agder Fylkeskommune (100.000 frå kvar) til ein moglegheitsstudie for utvikling av reiselivet rundt Nidelva/Arendalsvassdraget. Studien er planlagt gjennomført fyrste halvår 2020 som eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Nissedal, Fyresdal, Froland og Åmli, samt med involvering og bidrag frå Åmli Turistforum, Nissedal næringslag og Canvas Hotel AS. Studien leias av ei administrativ styringsgruppe sett saman av representantar med ansvar for reiseliv i Åmli og Nissedal kommune i tillegg til Åmli turistforum og Nissedal næringslag.
- Syte for optimal fiber-/mobildekning i kommunen.  
Det har vore møter med Børge Skårdal, Telenor og VTK med tanke på vidare utbygging. Ein ventar på tilbakemelding frå VTK og Telenor. Børge Skårdal hjelper kommunen med ein eventuell søknad til NKOM.
- Utgreie sak om Nissedal som typisk turiststad.  
For å bli definert som ein typisk turiststad med søndagsopne butikkar må ein søke fylkesmannen i Vestfold og Telemark. Krava er at sal skjer hovudsakleg til turistar, ein må føre statistikk over omsetninga over eit år, samt sende ei skriftleg utgreiing om kvifor ein ønskjer å bli definert som typisk turiststad. Dersom fylkesmannen finn grunnlag for å godkjenne søknaden blir ei forskrift sendt ut på høyring før handsaminga av svar og dokument. Styret i næringslaget diskuterte dette og kom fram til at dette har lite for seg for Nissedal kommune. Til info har ingen Vest-Telemarkkommunar søkt om dette. Dette punktet reknast med dette som avslutta.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
Nissedal kommune har teikna abonnement på Tilskuddsportalen for både eigne tilsette og lag og foreiningar. Kurset fjor for både for eigne tilsette og lag/foreiningar vert følg opp med hjelp til søknadar, innlogging og likande.

## Økonomivurderingar – Nye behov/utfordringar:

### Næringsfondet:

Større avkastning på kraftfondet i 2019 gjev moglegheit til å avsette kr. 62.000 ekstra i 2020. Det tilrådest å styrke formannskapetets konto med kr. 62.000.

Det er søkt om Vestfold og Telemark fylkeskommune om KMD-midlar, men denne søknaden har ein ennå ikkje fått tilbakemelding på.

Av løyvinga frå fellespotten i 2019 vart kr. 20.000 utbetalt i 2020 i staden for i 2019. Fellespotten for 2020 må med dette styrkast med kr. 20.000.

### Korona – rapportering:

Korona-situasjonen har ført til at næringskonsulenten har hatt heimekontor pga. stengt skule. Det har blitt jobba tett opp mot næringslivet og Telemark næringshage med tanke på situasjonen, regelverk, registrering, statlege tiltak, informasjon og liknande.

### 3.4 Interkommunalt plankontor

#### Kommuneplanen sine mål:

##### All arealbruk skal støtte opp om, og utvikle gode bumiljø og arbeidsplassar.

- Kommunens planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunens hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Vidare bygging av fritidsbustader skal ha miljøperspektiv der nøkternhet i storleik og energi- og ressursbruk er berande element.
- Plantiltak som kan gje varige arbeidsplassar innan kompetanse og service skal prioriterast.
- Tryggleik og beredskap skal leggest til grunn i arealplanlegginga.

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for plankontoret:

Plan og bygningslova  
Naturmangfaldslova  
Matrikkellova  
Eigarseksjoneringslova  
Forureiningslova  
Kommuneplan, spesielt arealdelen  
Kommunedelplanar  
Reguleringsplanar

#### Vidareføring av etablert drift:

##### Heile plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Plankontoret har for 2020 budsjettert med 5,15 årsverk, 0,3 mindre enn for 2019 og 0,6 mindre enn året før. Drifta skal vere slik at målsetjinga om 100 % dekningsgrad for tenestene i størst mogleg grad blir oppfylt.

##### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Tilpasse organisasjonen redusert bemanning.  
Oppgåver er flytta frå sekretærfunksjonen til dei ulike fagstillingane. Dette fungerer greit. 30 % stillingsressurs er flytta frå oppmåling til byggesak.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
Temaet er lite/ikkje aktuelt for ei rein lovforvaltingseining som plankontoret.

##### Administrasjon og plan:

Arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker, budsjett, fakturering, post, arkiv. Budsjetterte årsverk 2020: 1,10.

##### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Ferdigstille rullert kommuneplan, arealdelen.  
Arbeidet har 1.prioritet, og planen blir lagt ut til 1.gongs høyring før sommarferien.
- Ferdigstille revidert reguleringsplan *Treungen sentrum nord*.  
Dette planarbeidet som var godt i gang i 2019, har stoppa opp av kapasitetsomsyn i høve til andre planoppgåver. Planen vil bli slutført etter kommuneplanen, og kan truleg leggest ut til 1. gongs høyring før sommarferien.



- Ferdigstille revidert reguleringsplan *Framnes øvre*.  
Av dei tre nemnde planane har denne blitt lågast prioritert. Planrevisjonen vil derimot ikkje vere så omfattande som for dei to andre. Planen vil kome til 1.gongs høyring etter ferien.
- Utarbeide ny detaljreguleringsplan for *området Jettegrytene*.  
Arbeidet her er ikkje i gang. Nidelva-prosjektet, eit samarbeid mellom kommunane Fyresdal, Nissedal, Åmli og Froland, skal vurdere potensialet for reiseliv i og langs Arendalsvassdraget. Området Jettegrytene vil vere ein sentral del i dette arbeidet. Reguleringsplanen bør ha innarbeidd konklusjonar/tilrådingar frå dette prosjektet. Tidsplanen for ferdigstilling blir derfor noko uviss.

### **Kart og oppmåling:**

Arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikkellova. Budsjetterte årsverk 2020: 2,50. (Endra til 2,20)

#### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Internsal, innmåling av v/a-nett.  
Dette arbeidet er planlagt, men ikkje kome i gang ennå.
- Utarbeide tomtedelingsplanar for private.  
Det har førebels ikkje vore etterspurnad etter dette.

### **Byggesaksbehandling:**

Arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader.  
Budsjetterte årsverk 2020: 1,55. (Endra til 1,85)

#### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Kontroll av eventuelle avløpsutslepp i felt der det ikkje er lov med innlagt vatn, felt der kommunen kan tilby tilkopling til kommunalt nett blir prioritert.  
Det er førebels ikkje utført slike kontrollar.
- Internt sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet (taksering av alle nye skatteobjekt).  
Byggesaksbehandlar har pr. 30.04. bruka 7,00 timar på taksering av nye skatteobjekt. (Han har i tillegg i perioden 01.01.-30.04. vore utleigd som byggesaksbehandlar til Tokke kommune, tilsaman 36,00 timar. Dette engasjementet er nå avslutta.)

### **Kompetanseutvikling:**

Det er ikkje gjennomført eller planlagt kompetansehevande tiltak for tilsette ved plankontoret. Kompetansen synest å vere greitt tilpassa hovudarbeidsoppgåvene ved kontoret.

### **Sjukefråvær:**

I fyrste kvartal er sjukefråværet berekna til 1,57 %, alt registret som korttidsfråvær. Ikkje noko av fråværet er blitt relatert til arbeidsplassen/arbeidsmiljøet ved plankontoret.

### **Økonomivurderingar – Nye behov:**

Lønsutgifter og andre utgifter er i godt samsvar med budsjettet.

For oppmålingsarbeid er bare 5% (25 %, 20%, 18 %, siste års tal i parentes) av budsjetterte gebyrinntekter inntektsført pr. 30.04. Ei forklaring på avviket er at det i år er kreditert ein faktura sendt ut i fjor, for oppmåling av 13 tomter. Det utgjør 10% av budsjettposten. Men sjølv utan denne tilbakeføringa, er gebyrinntektene for oppmåling til nå, historisk låge. Korona-situasjonen er nok hovudforklaringa. Varer denne ved, er det mykje truleg at nedgangen vil forplante seg til dei to andre aktivitetssområda, plan og byggesak. For plansaker og byggesaker er tilsvarande tal 25 % (25 %, 23%, 36 %) og 19% (19 %, 25%, 18%). Dette er meir normal-tal for 1.tertial, der det vil vere sesongsvingingar og svingingar frå år til år.



Ein ringerunde til alle utbyggerane av hyttefelt i kommunen gav ikkje eintydige svar med omsyn til framtidsutsiktene. Mykje vil avhenge av kor raskt samfunnet kan kome tilbake til «normaltilstanden» etter koronakrisa. Lågt rentenivå og utsikt til at fleire vil opphalde seg i eige land i fritid/feriar, talar for optimisme, usikker arbeidssituasjon for mange framover, peiker i motsett retning. Ein inntektsreduksjon i 2020 på rundt 40 % i høve til budsjett synest realistisk for oppmåling. Det vil utgjere ca. kr 300 000 for kommunen.

Dersom trenden med reduksjon av arbeidsoppdraga held fram, må i så fall årsverkforbruket ved plankontoret reduserast, om målet om at desse tenestene skal gå på tilnærma sjølvkost, skal kunne oppfyllest.

#### Korona – rapportering:

To av plankontorets seks tilsette har i perioden 16.03.-11.05. hatt heimekontor som fast løysing. Dette har fungert tilfredsstillande. Dei to dette gjaldt har i same periode hatt ansvar for undervising av eigne barn. Dei andre ved kontoret har møtt til arbeid som vanleg. Kommunehuset, og med det også plankontoret, har vore stengt for besøkande. Det er likevel tatt i mot besøk etter avtale. Pågangen har vore liten, og også inngåande telefonsamtalar og e-postmeldingar har vore færre enn tidlegare. Både tomtosal med tilhøyrande oppmåling og byggeaktiviteten med tilhøyrande byggesøknad synest å vere sett på vent. Dette vil måtte gje reduserte gebyrinntekter for plankontoret, men de er for tidleg å slå fast omfanget, (sjå punktet om økonomi, over).

### 3.5. Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid

#### **Kommuneplanen sine mål:**

**Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.**

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringsstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjensle og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

#### **Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for landbrukskontoret:**

Jordlova  
Skoglova  
Konsesjonslova  
Landbruksplan for Vest-Telemark  
Landbruksplan for Nissedal 2014-2017

#### **Vidareføring av etablert drift:**

#### **Heile landbrukskontoret**

Dei kommunale oppgåvene innan landbruksforvaltning, miljø og viltforvaltning utførast av interkommunalt landbrukskontor for kommunane Nissedal og Kviteseid. Kontoret er organisert administrativt i eining for samfunnsutvikling og teknisk drift i Kviteseid kommune, og er lokalisert på kommunehuset i Kviteseid. Med høg kompetanse skal landbrukskontoret bidra til at landbruket i kommunane medverkar til utvikling og verdiskaping, samtidig som ein

tek vare på miljøet og kulturlandskapet. Landbruket er ein viktig del av aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.

Landbrukskontoret sine tenester og innsats er i stor grad styrt gjennom lovverk og eigen landbruksplan for Nissedal og landbruksplanen for Vest-Telemark.

#### Spesielle tiltak/endingar for 2020

- Halde fram med tett oppfølging av pelsdyrdrifta på Berlimoen med omsyn til gjødselhandtering og tiltak for å hindre oppblomstring av fluger.  
Ikkje aktuelt i første tertial. Talet på dyr er redusert til 1/6 av det det var på det meste.
- Følgje opp endra søknads- og kontrollrutinar for skogbruket i samsvar med krav frå Fylkesmannen i Telemark.  
Blir følgd opp kontinuerleg. Normalt liten aktivitet i første tertial.

#### Viltforvaltning

Kommunen har utarbeidd eigen forvaltningsplan for hjortevilt. Planen er rullert i 2019 og gjeld fram til og med 2021. Den praktiske delen av forvaltninga skjer i Nissedal viltlag, som er grunneigarane sitt organ. Kommunen har ansvar for dei «offentlege» interessene knytt til forvaltninga og ansvaret for ettersøk av skada hjorteviltvilt, og skadefelling.

#### Spesielle tiltak/endingar for 2020

- Følgje opp hjorteviltplan for Nissedal kommune  
Normalt liten aktivitet i første tertial. Magne Skarprud, som har hatt ansvaret for fagområdet, har gått av med pensjon. Audun Aasmundtveit har tatt over oppgåvene.

#### Miljø

Kommunen har delteke i eit prosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre. Prosjektet er avslutta og det er utarbeida ein regional plan med tiltaksprogram for heile vassregionen Agder. Kommunen skal følgje opp arbeidet i handlingsplanen og tiltaksprogrammet for vassområdet Nidelva. Vassregionen er i gang med rullering av planen for neste planperiode, perioden 2021 – 2027.

**Samla rammeområde felles:**Kompetanseutvikling:

Ingen særskilte tiltak i 1. tertial.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet i 1. kvartal 5,89%. Dette er ein kraftig auke frå 2019 på same tid, då fråværet var 1,11%. Fråværet fordeler seg på 2,76% på kortidsfråvær og 3,14% på langtidsfråvær. Ein har ikkje indikasjonar på at delar av veksten i fråvær er knyt til arbeidsforhold.

Økonomivurderingar – Nye behov:

Sal av konsesjonskraft er i budsjettet sett opp til kr 7.058.000. Dette bygde i hovudsak på mottatte prognoser frå konsesjonskraftstyret. Etter det ein nærast kan kalle «kollaps» i kraftmarknaden har ein nå fått ei revidert prognose. Denne seier at kommunen vil få ei inntekt på kr 4.532.000 i 2020. Med andre ord ein nedgang i inntekter på kr 2.526.000.

Det vert under felles sett av ein felles lønspott som skal ta høgde for lønsvekst i heile kommunen. Denne skal ta høgde for lønsvekst utover overheng. Overheng vert teke omsyn til i rammene til einingane ved at løn etter lønsoppgjer ligg til grunn for budsjettet. I budsjett 2020 var det avsett 2,5 mill. til felles lønspott. Dette bygde på ein antatt lønsvekst frå 2019 til 2020 på 3,6%. Dette var samansett av 1,3% i overheng og 2,3% knyt til effekt av lønsforhandlingane i 2020. Lønsforhandlingane for 2020 er utsett til hausten. Men i revidert nasjonalbudsjett blir lønsvekst totalt for 2020 anslått til å vere 1,5%. Ved å ta omsyn til overhengen på 1,3% gir dette nærast eit 0-oppgjer med ein effekt av lønsoppgjeret i 2020 på 0,2%. Dette gir grunnlag for å redusere avsett lønspott med kr 2.250.000 til kr 250.000.

I budsjettet for 2020 var effekt for nedtrapping av ressursinnsats på flyktningarbeidet sett til kr 900.000 (halvårseffekt) og plassert under felles. Det blei plassert under felles på grunn av at ein ikkje visste kva for stillingar som skulle reduserast/trappast ned då budsjettet blei utarbeida. Dette er nå klarlagt og ein reduserer ramma til skule, barnehage og kultur. Den summen som blei redusert under felles må då «tilbakeførast».

Som ein del av tiltaka for næringslivet/kommunane har staten bestemt at arbeidegjevaravgifta for 3. termin skal reduserast med 4%. Det vil seie for Nissedal kommune til 6,6%. Dette er stipulert til å utgjere kr 910.000. Det er ikkje kome føringar på korleis dette skal løysast rekneskapsteknisk. Det som er sagt er at vi skal bokføre med normalsats og skal og innrapportere utan fråtrekk for redusert sats. Ein kan tenke seg at dette blir ført som ein inntektssum eller det kan føre til reduksjon av utgiftene på kvar enkelt ansvar. Fram til dette er avklart legg ein dette inn på felles og reduserer ramma her med kr 910.000.

1. tertial 2019 blei det løyva kr 20.000 i støtte til Framnes vel for å ruste opp sentrum i Kyrkjebygda. Prosjektet blei noko forseinka og det blei ikkje sendt spurnad om utbetaling av støtta i 2019. Prosjektet vil bli fullført i år og det vil då kome krav om

utbetaling av støtta. Denne summen inngjekk i mindreforbruket på felles i 2019 og må nå «løyvas» på nytt.

I budsjett for 2020 var det lagt til grunn at skatteoppkrevjarfunksjonen blei statleg frå 1. juni 2020. Rammeoverføring til kommunen blei redusert på denne bakgrunn og budsjettert overføring til Kviteseid, som utøver skatteoppkrevjarfunksjonen for Nissedal, blei redusert. Staten har, på bakgrunn av korona-situasjonen, utsatt denne overtakinga til november. Dermed blir overføringa frå staten auka med kr 244.000. Utifrå nivå på overføring i 2019, legg ein til grunn at overføring til Kviteseid må aukast med kr 230.000.

Avsetning til kraftfond aukar jf. budsjett med kr 85.000 (auke i konsesjonsavgifter, nedgang i renteinntekter). Avsetning til kraftfond skjer på rammeområde felles og ramma må derfor aukast med kr 85.000.

I budsjettet var det avsett kr 70.000 som skulle ta høgde for meirkostnader ved innføring av «sikker utskrift» i heile kommunen. Utgifta etter ny avtale blei på omlag kr 120.000. Dette fordeler seg på dei ulike rammeområda i heile kommunen.

I kommunestyresak 19/20 blei det delegert formannskapet å disponere inntil 2 mill. i høve til kontantstøtte til lokalt næringsliv. Dette skulle innarbeidast i budsjettet ved 1. tertial. I høve til vedtak i kommunestyresak 18/20 vedlikehaldstiltak for å hjelpe lokalt næringsliv, er det meir usikkert om det er tale om drift- eller investeringsbudsjett. Dette må derfor innarbeidast i budsjettet når disponering er klar.

#### Oppfølging av politiske vedtak etter vedtak av handlingsprogram:

Kommunestyresak 19/20 – Kontantstøtte lokalt næringsliv:

Næring følgjer denne saka opp i høve til enkeltsøknader som måtte kome.

#### Korona – rapportering:

Arbeidet i kriseleiinga har involvert fleire tilsette på felles i høve til informasjonsarbeid, rapportering og arbeid på heimesida. Dette har utløyst noko overtid og det har og fortrengt arbeid på andre område, som har måtte bli utsatt eller bli gjort på ein anna måte enn det som er normalt. Men i det store og det heile har ein klart å oppretthalde normal drift.

Rundt halvparten av dei tilsette på felles har i stor grad nytta heimekontor. Det er litt ulikt kor godt det passer for tilsette på felles å nytte seg av heimekontor. Men for dei som har valt dette har dette fungert bra og det har ikkje godt utover effektiviteten i nokon særlig grad

Kommunehuset var og stengt i ein lengre periode. Dette var sjølvsagt negativt for publikum. Men tilbakemeldinga frå resepsjon/sentralbord er at publikum har hatt stor forståing av dette tiltaket og at det nok har hatt avgrensa negativ effekt. Stenging av kommunehuset har og blitt praktisert på ein fleksibel måte, ved at det har vore mogleg å sleppe inn ved å henvende seg pr. telefon.

### 3.6 Eining for skule

#### Kommuneplanen sine mål:

Grunnskulen gir alle elevane eit godt og trygt lærings- og oppvekstmiljø, der ein i undervisninga tek omsyn til den einskilde elev sine føresetnader og har høge forventningar til alle elevane sine læringsresultat. Skulen skal i første rekkje vere ein opplæringsinstitusjon der undervisninga byggjer på Opplæringslova med forskrifter og læreplanverket for Kunnskapsløftet.

- Alle elevar har eit godt og inkluderande *læringsmiljø*. Med læringsmiljø meiner ein dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betydning for elevane si læring, helse og trivsel.
- Opplæringa skal ha *tilpassa opplæring i felleskapet og tidleg innsats* som to av dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklar sitt fulle potensial.
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggande dugleikane; lesing, skriving, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy.
- Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og prestasjonar.
- Kvaliteten på skulen, både når det gjeld undervisning, materiell og bygningar skal liggje over gjennomsnittet for landet.
- Opplæringslova pålegg kontinuerleg utviklingsarbeid i skulen. Målet med utviklingsarbeidet i Nissedalsskulen skal vere å endre og utvikle læraren sin praksis i klasserommet slik at elevane oppnår eit så godt læringsutbytte som mogleg.
- Nissedalsskulen skal samarbeide godt med Vest-Telemark PPT til det beste for elevane sitt læringsresultat, både på system- og individnivå.
- Elevane får kunnskap om lokal kultur, tradisjon og næringsliv slik at dei får lyst til å busetje seg i kommunen.
- Nissedalsskulen skal samarbeide godt med barnehage, kultur, helsetenester, barnevern, politi og andre institusjonar.
- Skulefritidstilbodet skal vere kjenneteikna av å understøtte skulen sitt arbeid med elevane si faglege, personlege og sosiale utvikling.
- Nissedal kommunale vaksenopplæring skal syte for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for fleispråklege etter introduksjonsloven.
- Vaksne utan fullført grunnskuleutdanning skal få opplæring slik at dei kan ta grunnskuleeksamen.

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Opplæringslova med forskrifter  
Læreplan - Kunnskapsløftet 2006  
Plan for overgangar – Frå eldst til yngst  
Plan og rutinar for elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø  
Plan for samarbeid heim-skule  
Leseplan for 1.-10. steg  
Plan for Vurdering for læring i Nissedalsskulen

#### Heile eininga

Eining for skule omfattar grunnskule, SFO og vaksenopplæring.

Eininga samarbeider tverrfagleg med skulehelsetenesta, barnehage, flyktingtenesta, kultur og Vest-Telemark PPT

#### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Inkluderande barnehage- og skulemiljø held fram: Eit felles to-årig utviklingsprosjekt i Vest-Telemark med regionale og nasjonale samlingar  
Gjennomførast etter planen, men med nokre manglar grunna koronasituasjonen. Våren 2020 var tema «Livsmeisting». Vi var godt i gang då skulane blei stengt ned. Arbeidet med dette stoppa opp, samtidig som utviklingstid utgjekk grunna stenginga. Vi reknar med å ha full fokus igjen hausten 2020. Tema då er utvikling av ny plan for skulemiljø etter Opplæringslovas § 9a.

- Midlertidig skuledrift for Kyrkjebygda oppvekstsenter ved Kyrkjebygda bedehus. Oppfølging av byggeprosjektet ved oppvekstsenteret. Innflytting i mars 2020. Grunna forseinking i slutfasen av prosjektet vart ikkje det innflyttingsklart i byrjinga av mars. Dette vart klart på overtakelsesbefaring måndag 2. mars. Då skulane opna att etter koronastenginga (27.04. for 1.-4. klasse) flytta dei inn i det nye bygget.
- Fremje politisk sak om tilstand og kapasitet ved Nissedal ungdomsskule – paviljongen  
Saka blei lagt fram i formannskapet våren 2019, med vedtak om prosjekteringsstart hausten 2019. Denne saka kjem vi ikkje vidare med grunna kapasitetsutfordringar på teknisk. Dei melder at dei ikkje har kapasitet til prosjekteringsstart før tidlegast oktober 2020.
- Førebu og ta i bruk Fagfornyelsen (ny læreplan frå hausten 2020) Skulane nyttar seg av Udir si kompetansepakke for å førebu innføringa av Fagfornyinga. Arbeidet er både individuelt og i fellesskap i kollegiet.
- Halde fram med Liv og røre prosjekt. Har som mål å auke den fysiske aktiviteten til elevane i undervisinga og i friminutta. Deltok på dei regionale samlingane for lærarar og sfo-tilsette. Arbeid med å implementere dette i skulekvardagen held fram.
- Sak til kommunestyret om ev nye behov og kostnad til vidareutdanning for lærarar før dispensasjonen på 10 år er over  
Kartlegging påbegynt. Sak kjem til hausten.
- Rapportere korleis reduksjon av stillingar er innarbeidd i ramme.  
Naturleg avgang i eininga gjer at vi kan kutte 100% lærar på Tveit skule og 150% på vaksenopplæringa frå 01.08.20 utan oppseiingar.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
Har fått tilgang til tilskuddsportalen

## Grunnskule

Nissedal kommune har ein desentralisert skulestruktur med to barneskular og ein ungdomsskule. Kyrkjebygda oppvekstsenter ligg i Kyrkjebygda og Tveit skule ligg i Treungen. Desse to skulane er 1-7 skular, der Kyrkjebygda er ein tre-delt skule og Tveit er ein fulldelt skule. Nissedal ungdomsskule er felles og ligg i Treungen. Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for skule er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte.

## Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Arbeidet med Vurdering for læring held fram inn mot Fagfornyelsen i 2020.  
Planen for Vurdering for læring blir sett på som ein del av Fagfornyinga
- Oppgradere læreverk i skulane. Det er viktig å sette ev. rest på budsjettpost "Undervisningsmateriell" på fond slik at vi kan bytte læreverk frå 2020 og framover. Kvar skule utarbeider ei prioriteringsliste for fag og trinn ein ønskjer fornying på. Det vart ikkje overført midlar frå 2019.  
Grunna overgang til Fagfornyinga (LK20) vil vi avvente innkjøp. Lærarane er oppmoda om å bestille prøveeksemplar til komande skuleår, slik at vi får ei god oversikt over nye verk før vi tingar nye verk. Kommunen har fått 54000 kr frå Staten til nye læreverk i 2020.
- Utgreie ei auke av rammetimetar i barneskulen (1-7 trinn).  
Sak med spørsmål om relevans er sendt til kommunestyremøte 17.06.
- Tveit skule vil vurdere overgang til 60-minutters skuletimar frå hausten 2020  
Overgang til 60-minutters skuletimar er vedteke for Tveit skule, med oppstart hausten 2020
- MOT- Førebyggjande livsmeistringsprogram for ungdomsskulen.  
Går etter planen



- Implementering av Visma Flyt skole som skuleadministrativt system  
Dette er eit felles Vest-Telemark prosjekt med mange aktørar og partar å forhalde seg til. Visma sin implementeringsplan har ikkje holde og dette arbeidet held framleis på. Kyrre Hegg i Vest-Telemarkrådet har fått ei koordineringsrolle i regionen. Det er eit arbeid på gang i Forum for utdanning i Vest-Telemark med å undersøke om vi har fått det som er lovd i kravspekk.  
Korona har forsinka prosessen ytterlegare. Det har mangla ein geointegrering mot Evry/ePhorte for å sikre arkivfunksjonane. Vi håper framleis på å kome i gang i løpet av hausten 2020.
- Innarbeide reduksjon av lærarressurs i henhold til budsjettvedtak  
Naturleg avgang i eininga gjer at vi kan kutte 100% lærar på Tveit skule og 150% på vaksenopplæringa frå 01.08.20 utan oppseiingar.

### **SFO**

Nissedal kommune tilbyr skulefritidsordning (SFO) på Tveit skule og ved Kyrkjebygda oppvekstsenter. I tillegg vert det gjeve tilbod på Felle, men då som eit tilbod organisert gjennom Felle barnehage. SFO-tilbodet skal minimum fylgje skuleruta. Tilbodet utanom skuleruta skal tilpassast etterspurnaden.

SFO i Nissedal kommune skal gje eit kvalitativt godt tilbod med sunn mat, fysisk aktivitet og sosial kompetanse, men samstundes ha respekt for barns leik og fritid.

Det tilbys gratis leksehjelp i SFO.

### **Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Brukarundersøking og kompetanseheving og endringar i tråd med funn i punkt over **Planlagt utført hausten 2020**
- Auke fokus på sunn mat (del av Liv og røre prosjektet) **Med kompetanseheving i form av regionale samlingar og tilsendt materiell og støtte til kaup av utstyr har ein lukkast med å auke bevisstheita kring sunn mat blant tilsette, elevar og føresette.**

### **Vaksenopplæring**

Vaksenopplæringa er i Treungen og har lokale knytt til Kåsa bu og avlastning. Opplæringa gje gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap til dei som i fylgje introduksjonslova har rett eller plikt til det. Undervisninga på Kåsa er i all hovudsak knytt til flyktningar. Elevar som ikkje har rett på gratis norskopplæring, får tilbod om undervisning mot betaling, dersom det er kapasitet.

Det vert gjeve undervisning til vaksne etter opplæringslova § 4A.2: *Rett til spesialundervisning på grunnskolens område.* Undervisninga foregår på Mila og som heimeundervisning.

Vaksenopplæringa har plikt til å gi *Opplæring til vaksne med behov for alternativ og supplerende kommunikasjon(ASK)* ved behov (opplæringslova § 4A-13)

### **Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Vurdere og justere ressursbruk opp mot elevtal og behov komande skuleår 2020/2021  
Frå hausten 2020 er det 50% rest på vaksenopplæringa av dei 200% som har vore til integreringsarbeidet. Det er i tillegg 14,1% knytt opp til undervisning for vaksen elev fra Kåsa (spesialundervisning).  
Ein annan vaksen elev fra Kåsa avsluttar nå vidaregåande opplæring og skal ha spesialundervisning.  
To av dei vaksne flyktningane søker nå om grunnskuleopplæring frå hausten 2020 i Arendal.  
Det er behov for å behalde ressursen på 50% for å gje oppfølging til dei som tek grunnskuleopplæring, i samarbeid med Arendal vaksenopplæring, gje undervisning til elevane frå Kåsa og administrasjonsarbeid.

### Kompetanseutvikling

- Grunnskule:  
Vidareutdanning i basisfaga.  
Leiarutdanning: Ein av leiarane ved Tveit skule held fram med sin masterutdanning i skuleleiing.  
Resursperson (20%) held fram i prosjektet Inkluderande barnehage- og skulemiljø.  
Vedkommande deltek på regionale og nasjonale samlingar
- D-pedagogar (digital pedagog) får naudsynt opplæring og kompetaneheving (IKT-strategi i skulen)
- Vaksenopplæringa:  
Delta på årelg fagkurs med IMDI i Telemark.  
Delta i VO-nettverk i Telemark
- Statusrapport kring IKT-satsing i skule.  
Vi nyttar framleis Atea som support, sidan Aspit ikkje har hatt tilstrekkeleg oversikt for support. Atea hjelper også Aspit med å få rett kompetanse og system.  
Vi var fantastisk heldige som hadde kome såpass langt i digitaliseringsprosessen då koronasituasjonen stengde ned skulane. I tillegg til at vi hadde eit solid utgangspunkt for digital undervisning, gav denne perioden med fjernundervisning ei bratt læringskurve for dei som trong det. Lærarane har kome ut i andre enden av fjernundervisninga med ei enorm styrking i digital kompetanse.  
Tveit skule søkte om og fekk 100.000kr frå Udir til programmering. Det blei kjøpt inn utstyr for >90.000 kr. Resterande beløp gjekk til kompetanseheving. Dette er kompetanse og utstyr som elevane nyter godt av i opplæringa på programmering, som er eit nytt område i skulen.  
Rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule gjennomførte vidareutdanninga i Digitalisering og ledelse i 2019. Fokuset frå utdanninga er ikkje tekniske dupeditter, men den pedagogiske bruken av teknologien, og korleis vi kan redefinere læring gjennom digitalisering i skulen. Dette har også vore tema i intern opplæring gjennom Atea.  
Det er sett av middel til to D-pedagoger som kan bidra til å løfte det pedagogiske arbeidet med digitale verktøy, og vere ein ressurs i kollegiet.  
Nytilsett rektor på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule arbeidar svært aktivt med digitalisering i skule og blei på eit tidspunkt kåra til Noregs beste digitale lærar. Han har store planar for vidareutvikling av skulen digitalt.

### Kompetanseutvikling:

Det var 7 lærarar i Eining for skule som søkte om vidareutdanning frå hausten 2020. Alle blei godkjende av skuleeigar. Utdanningsdirektoratet godkjende 3 av desse, 2 på matematikk og 1 på Mat og helse. Begge to på matematikk må dessverre utsette studiet grunna svangerskap hos den eine og kontaktlærarfunksjon hos den andre (kabalmessige utfordringar). Dermed blir det ein lærar på vidareutdanning i Mat og Helse komande skuleår. Det er kjærkome.

Inspektør på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule arbeidar med å fullføre sin Master i utdanningsleiing.

Nytilsett rektor på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule er i gang med sin Master i utdanningsleiing.

### Sjukefråvær:

Sjukefråværet for skule i 1. kvartal ligg på 4,93% mot 6,56% i kommunen totalt. Terskelen for å bli heime er lågare nå, grunna råd frå styresmaktane. Vi har hatt nokre sjukmeldingar i perioden, med ulike årsakar.



## Økonomivurderingar – Nye behov:

Ut frå forbruk per d.d. ser det ut som om vi vil trenge ei auke til skuleskyss	100 000 kr
Skulen har betalt for tilretteleggingstiltak for universell utforming (dørøpnar og elektrikararbeid knytt til dette) for at foreldre skal ha tilgang til skulen. Skulen bes tilført beløpet som i utgangspunktet skulle ha blitt dekt av teknisk	40 000 kr
Visma Flyt Skule er bestemt i rådmannsfoum at skal innføres i alle Vest-Telemark kommunane. Dette er ikkje teke høgde for i budsjett Lisens program 35 000 kr årleg + lisens ansatt app 20 000 kr årleg	55 000 kr
Lisensar for programmer tilknytt IKT i skulen har auka betrakteleg etter innføring av lærebrett i skulen. Budsjettposten må styrkast betrakteleg	100 000 kr
Grunnskuleopplæring for vaksne To flyktningar søker om dette. Det har dei krav på. Å drive dette tilbodet sjølv vil koste kommunen 100% lærarstilling. Det er rimelegare å knytte seg til andre kommunar med eit slikt tilbod. Arendal vaksenopplæring tek 100 000 kr årleg for dette per elev. (50 000 kr per semester) samt undervisningsmateriell og transport anslått til 25 000 kr per elev per år. Her 100 000 kr for undervisningstilbodet + 25 000 kr til transport og undervisningsmateriell for to elevar hausten 2020	125 000 kr
Byggeprosessen på Kyrkjebygda oppvekstsenter varte lenger enn antatt. Utgifter til husleige og straum varte derfor i 4 månadar, mot 2 månadar budsjettert	80 000 kr
Spesialpedagogisk tiltak jf. f-sak 38/20, 39/20, 40/20, 51/20	452 000 kr
Inntektsreduksjon ved stenging av SFO	65 000 kr
Nedtrapping ressursinnsats integrererering . Frå 01.07.20 er det redusert med 150% stilling på vaksenopplæring	-510 000 kr
Inndekning funnet i eininga grunna m.a. vakanse i skuleleiinga	-229 000 kr

## Oppfølging av politiske vedtak etter vedtak av handlingsprogram:

K-styresak 4/2020 *Kutt i lærarstillingar hausten 2020 – oppfølging av budsjettvedtak* Dette er gjennomført. Heile kuttet blei ivareteke gjennom naturleg avgang.

K-styresak 22/2020 *Endring i «Skuleskyssreglement for Nissedal kommune» etter feil påpeika av Fylkesmannen.* Nytt skuleskyssreglement er publisert på heimesida og teke i bruk.

K-styresak 32/2020 *Rullering av ordensreglement for Nissedalsskulen.* Nytt ordensreglement er publisert på heimesida og teke i bruk.

Formannskapsak 38/2020 *Tilrettelegging og spesialundervisning elev Tveit skule.* 41 000 kr blir innarbeidd i ramma for 2020

Formannskapsak 39/2020 *Spesialundervisning Tveit skule frå skulestart.* 83 000 kr blir innarbeidd i ramma for 2020

Formannskapsak 40/2020 *Spesialundervisning elev Tveit skule (3 av 3)*. 200 000 kr blir innarbeidd i ramma for 2020

Formannskapsak 51/20 *Utviding av spesialundervisning*. 128 000 kr blir innarbeidd i ramma for 2020

#### Korona – rapportering:

Leirskule er ikkje gjennomførbart for årets 7. klasse. Leirskule er lovpålagt og regjeringa har sagt at elevane som mistar denne i vår skal få tilbodet på eit seinare tidspunkt i grunnskulen. Budsjetterte 80 000 kr til leirskule blir omfordelt til å dekke andre behov i 2020, men på eit seinare tidspunkt vil ein måtte budsjettere med at to skuleklasser reiser på leirskule.

For å tilfredsstille regjeringa sine råd om å ikkje reise på jobb dersom man er sjuk, er det mange som nå blir heime frå jobb med symptom som elles ville tilsei at ein reiser på jobb. Dette skapar utfordringar på vikarbudsjetta.

SFO var stengt i perioden 13. mars – 24. april Dette utgjorde eit inntektstap på foreldrebetaling på 65 000 kr. Inntektstapet vil forplante seg då vi inntil vidare oppmodar foreldre om å nytte SFO minst mogleg, noko som gir lågare inntekter også framover. Dette gjer vi for å halde gruppene så små som mogleg. Dersom vi må dele SFO må vi tilsette fleire personar nå som 5.-10. klasse har kome tilbake.

Korona generelt: I perioden det var stengde skular var det framleis ope for nokre grupper, definert av regjeringa: Særleg sårbare barn og barn der foreldra var i samfunnskritiske yrke.

Den gradvise gjenopninga har gått bra. Smitteverntiltak er drøfta og godkjende i kriseleiinga av kommunelegen. Foreldra synst å vere trygge på skulane, og sender ungane sine som før.

Det er redusert opningstid med 15 minutt i kvar ende av SFO for å klare å få til bemanning nå med kohorter og gruppesamansettingar. Det blir ikkje servert mat på SFO, og foreldrebetalinga til mat er trekt bort inntil vidare. Vi reknar med at desse tiltaka vil vare ut skuleåret. Ny vurdering før oppstart hausten 2020.

### 3.7 Eining for barnehage

#### Kommuneplanen sine mål:

##### Nissedal kommune gir eit godt barnehagetilbod til alle som ønskjer det.

- Sikre full barnehagedekning.
- Satse på kompetanseutviklingstiltak for dei tilsette for å betre kvaliteten på det pedagogiske innhaldet i barnehagane.
- Sikre at barnehagen blir ein arena for første steg i eit livslangt læringsperspektiv.
- Sikre godt samarbeid og god samanheng i overgang frå helsestasjon og mellom barnehage og skule.
- Leggje til rette for ein barnehage som gir eit godt fagleg og sosialt grunnlag.
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak (tidleg innsats).
- Leggje til rette for godt samvirke mellom barnehage, skule, kultur og heim slik at barna kjenner seg heime i bygda dei bur i.
- Leggje vekt på brukarane sine behov ved planlegging og organisering av barnehagetilbodet som eit viktig middel for å få nye innbyggjarar til kommunen.

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om barnehage

Rammeplan for barnehagar

Felles språkplan for alle barnehagane (intern)

Plan for tidleg innsats – samarbeid med skule, barnevernstenesta, helsesyster, PPT og psykisk helse (intern)

#### Vidareføring av etablert drift:

##### Heile eininga

Kommunen har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehagetilbod i Treungen, Haugsjåsund, Kyrkjebygda, Felle og Fjone.

Kommunen har eitt hovudopptak i året av barn til barnehagane. Dette skjer i mars.

Kommunen vil så langt som råd gje tilbod om barnehageplass fortløpande gjennom året. Føresette kan velje mellom 2, 3, 4 og 5 dagars tilbod.

Barnehagane stengt i julaftan, i romjula, virkedagane før skjærtorsdag og to veker i juli.

Det er utarbeida felles satsingsområde for alle barnehagane. På bakgrunn av dette utarbeider kvar barnehage sin eigen årsplan.

Kompetanseheving hos personalet skal fokusere på satsingsområda i prosjektet «Inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule».

Barnehagane samarbeider tverrfagleg med helsestasjon, skule, ppt og barnevernstenesta.

##### Spesielle tiltak/endingar i 2020:

- Utarbeide sak om konsekvensar ved nedlegging av ein barnehage i eininga.  
*Utført: k-sak 2/2020 Barnehagestruktur i Nissedal kommune*
- Innarbeide redusering av 30% stilling i eininga.  
*Utført*
- Følgje opp utviklingsprosjektet inkluderande læringsmiljø i barnehage- og skule.  
Felles utviklingsprosjekt i barnehage og skule i regi av utdanningsdirektoratet  
*Ressursperson arbeidar i 20% og koordinerer arbeidet. Det er sett av tid til refleksjon/temaforståing på avdelingsmøte i barnehagane. Litt begrensa nå i koronatid.*
- Halde fram med faglege møte på tvers av barnehagane med fokus på prosjektet «inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule» for alle tilsette i barnehagane.  
*Fagmøte felles i eininga v/ressursperson.*

- Gjennomføre møter for tilsette der digital praksis i barnehage er tema. jmf. strategiplan for digitalt arbeid i barnehage og skule  
Sett av tid til opplæring på avdelingsmøte kvar måned
- Starte opp med kommunalt tilsyn i barnehagane i Nissedal  
Er så smått i gang. Kjem på plass i løpet av hausten 2020
- Jamleg oppdatering til politisk nivå om evt. ventelister i barnehagane.  
Ikkje ventelister per d.d.
- Gjennomføre brukarundersøking i barnehagane hausten -20  
Planlagt hausten 2020
- Statusrapport kring IKT-satsing i barnehage.  
Heile personalgruppa har blitt gode på Teams og nyttar det aktivt.  
Visningsflater i barnehagane manglar per d.d. Når desse er på plass vil det opne for meir digitalt arbeid med barna. Planlagt å få på plass hausten 2020.
- Rapportere korleis reduksjon av stillingar er innarbeidd i ramme.  
Reduksjon i stillingar er gjennomført. Det meiste har gått på naturleg avgang og inndraging av vakante stillingar. To personer i hhv. 40 og 60% har blitt funnet overtallige og arbeidsforhalda er avslutta frå 31.07.20.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
Har fått tilgang til tilskuddsportalen

## **Treungen barnehage**

Godkjent for 60 plassar, der 36 er i eiga småbarnsavdeling ( 18 barn frå 1-3 år).  
3-5 årsavdelinga har 24 godkjente barnehageplassar.  
Opningstida er 07.15-16.45.

### Spesielle tiltak/endingar i 2020::

- Fylgje opp prosjektet inkluderande læringsmiljø  
Blir gjennomført etter planen

## **Kyrkjebygda barnehage**

Godkjent for 32 plassar.  
Opningstida er 07.15-16.45.

### Spesielle tiltak/endingar i 2020:

- Fylgje opp prosjektet inkluderande læringsmiljø  
Blir gjennomført etter planen
- Ta opp att arbeidet med gode samarbeidsrutiner mellom skule og barnehage  
Er godt i gang etter alle nå er tilbake i same bygg

## **Haugsjåsund barnehage**

Godkjent for 20 plassar.  
Opningstida er 07.15-16.45.

### Spesielle tiltak/endingar i 2020:

- Fylgje opp prosjektet inkluderande læringsmiljø  
Blir gjennomført etter planen

## **Felle barnehage**

Godkjent for 20 plassar.  
Opningstida er 07.00-16.30.

### Spesielle tiltak/endingar i 2020:

- Fylgje opp prosjektet inkluderande læringsmiljø  
Blir gjennomført etter planen

**Fjone barnehage**

Godkjent for 14 plassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

Spesielle tiltak/endringar i 2020:

- Fylgje opp prosjektet inkluderande læringsmiljø  
Blir gjennomført etter planen

**Kompetanseutvikling:**

Ein styrar er i gang vidareutdanning i barnehageleiing ved universitetet i Kristiansand. To fagarbeidarar deltek på kurs ved Fagskole TV i Seljord «Barn med særskilte behov» . Ein styrar har søkt om og fått plass på veiledningsstudie, med støtte frå Udir.

**Sjukefråvær:**

Eininga har eit sjukefråvær i 1. kvartal på 7,31%, mot 6,56% totalt i kommunen. Dette ligg noko over og kan skuldast regjeringas råd om å bli heime frå jobb sjølv om du berre har lette luftvegssymptom. Dette gir dei tilsette ein lågare terskel for å bli heime, og dermed auka sjukefråvær.

**Økonomivurderingar – Nye behov:**

Visma Flyt Barnehage er bestemt i rådmannsfoum at skal innføres i alle Vest-Telemark kommunane. Dette er ikkje teke høgde for i budsjett  
Lisens program 35 000 kr årleg + 35 000 kr i etterbetaling for 2019.

Tap av inntekter/opphaldsbetaling då barnehagane var stengt kr 215.000.

Jf. nedtrapping av ressursinnsats i integreringsarbeidet er stilling som 2-språklig med arbeider (100%) trekt inn frå 01.08.20. Dette gir ei innsparing på kr 220.000.

Det som var lagt til grunn som økonomisk effekt av nedbemanning i budsjettet og nedlegging av Haugsjåsund barnehage er gjennomgått og er i samsvar med føresetnadene.

Det er funnet inndecking for 116 000 kr grunna sjukefråvær og vakanse i eininga.

**Oppfølging av politiske vedtak etter vedtak av handlingsprogram:**

K-styresak 2/2020 *Barnehagestruktur i Nissedal kommune*. Haugsjåsund barnehage blir lagt ned med verknad frå 31.07.20.

K-styresak 03/2020 *Konsekvensar kring redusering av stillingar i eining for barnehage*. Nedbemanning og omplassering er gjennomført. Innsparingskravet er innfridd.

**Korona – rapportering:**

For å tilfredsstille regjeringa sine råd om å ikkje reise på jobb dersom man er sjuk, er det mange som nå blir heime frå jobb med symptom som elles ville tilsei at ein reiser på jobb. Dette skapar utfordringar på vikarbudsjetta.

Barnehagane var stengt i perioden 13. mars – 17. april Dette utgjorde eit inntektstap på foreldrebetaling på 215 000 kr.

Det blei kjøpt inn to nye bærbare pcar slik at pedagogisk personell kunne ha heimekontor. 20 000kr

Korona generelt: I perioden det var stengde barnehagar var det framleis ope for nokre grupper, definert av regjeringa: Særleg sårbare barn og barn der foreldra var i samfunnskritiske yrke.

Gjenopninga frå 20.04. har gått bra. Smitteverntiltak er drøfta og godkjende i kriseleiinga av kommunelegen. Foreldra synst å vere trygge på barnehagane, og sender barna sine som før.

Det er redusert opningstid med 30 minutt i kvar ende for å klare å halde kohortane i heile opningstida. Dette krev meir bemanning og dermed ei kortare opningstid, noko regjeringa har opna for.

Det blir ikkje servert mat i barnehagane, og foreldrebetalinga til mat er trekt bort inntil vidare. Vi reknar med at desse tiltaka vil vare ut barnehageåret. Ny vurdering før oppstart hausten 2020.

### 3.8 Eining for kultur

#### Kommuneplanen sine mål:

Skape eit rikt og variert kulturliv for alle og la dette bli ei av drivkreftene til ein positiv auke i folketalet i Nissedal.

- Kulturtilboda i kommunen skal femne alle og gi auka trivsel.
- Mangfaldet av kultursatsinga vert organisert av eining for kultur som i sitt arbeid stimulerer til samarbeid mellom lag, organisasjonar og andre til eit rikt og yrande kulturliv som verkar samlande på alle i kommunen.
- Kommunen sitt folkehelsearbeid legg til rette for fysisk aktivitet for alle i samarbeid med lag og organisasjonar.
- Kommunen gjer aktiv bruk av utvalde kulturminne for å fremje innbyggjarane si kjensle av identitet og tilhøyr og attraktiviteten som reisemål.
- Nissedal kulturskule skal bli eit kulturelt ressursenter der kulturskuletilboda er varierte, kreative og tilrettelagde for den einskilde elev.
- Nissedal folkebibliotek skal vere eit samlingspunkt for alle og stimulere til leselyst i alle aldrar.
- Nissedal ungdomsråd skal vere aktivt og engasjerande, og jobbe for at ungdom vil kome til Nissedal etter endt utdanning.
- Nissedal kommune skal bli oppfatta som ein føregangskommune for bruk av nynorsk.

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga

Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

Lov om folkebibliotek

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv

#### Vidareføring av etablert drift:

#### Heile eininga

Kultur er eit vidt teneste-spekter samstundes som dei enkelte tenestene er relativt små i Nissedal kommune. Dei mest konkrete tenestene vert omtala nedanfor.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Ferdigstille Tur-og sykkelløype på den gamle jernbanelina i samarbeid med Åmli kommune. Sette opp turskilt og infoskilt langs lina, også i samarbeid med Åmli kommune. Målsetting om ferdigstilling vår 2020.  
**Tur-og sykkelløypa på den nedlagde jernbanelina vert ferdigstilt no i vår. Skilt er sett opp, og det manglar berre rekkverk på Lina, så er prosjektet slutført.**
- Offisiell opning av Tur-og sykkelløypa på Lina i samarbeid med Åmli kommune.  
**På grunn av tiltak for å motverke spreiding av covid-19, har arrangement blitt utsett på ubesemt tid. I staden for arrangement, vert det laga ein film av turvegen.**
- Fokus på gradvis å avvikle tenestene rundt flyktning over til ordinært hjelpeapparat og gjennomføre nedbemanning etter politisk vedtak og retningsliner for nedbemanning.  
**Fyrste del av nedbemanning er gjennomført etter vedteke plan. Neste steg i planen vert starta på no i vår.**
- Gjennomføre kulturminneplan  
**Det har ikkje vore tid til å starte på kulturminneplan.**
- Fokus på folkehelseiltak i planlegging av arrangement og aktivitetar. Høgt fokus på samspel mellom dei ulike einingane og dei frivillige.  
**Det er eit godt og etablert samarbeid mellom folkehelse (ulike einingar i kommunen) og dei frivillige. På grunn av covid-19, har det ikkje vore arrangement. Det har blitt jobba med Topptur Nissedal-prosjektet, og dette har vore noko publikum har sett stor pris på, når andre tilbod har vore stengd.**



- Legge til rette for eit etablert samarbeid med frivilligsentralen.
- Det er eit godt samarbeid med Frivilligsentralen. Frivilligsentralen har søkt om midlar til eit samarbeidsprosjekt mellom biblioteket og frivilligsentralen, som heiter Etter skoletid på biblioteket. Det er innvilga kr. 100.000,- til prosjektet frå Sparebankstiftelsen DNB, som vi skal starte på etter sommarferien.
- Prosjektering av klatresenter lokalisert i lokstallen og prosjektering av området Sommarsletta og sentrum i høve til tilrettelegging for fysisk aktivitet og universell utforming. Dette vert finansiert av midlar frå Telemark Fylkeskommune.
- Prosjektet er i slutfasen, og vil bli ferdigstilt rett før eller rett etter sommarferien. Studien vil bli presentert i kommunestyret, og ein vil sjå på korleis ein kan finne finansiering og løysingar for ei eventuell realisering av prosjektet.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.
- Dette vert jobba med
- Vidareføre arbeidet med prosjektering av ny gangbru i sentrum.
- Dette vert jobba med i samanheng med prosjektering av klatrehall og plan for Treungen sentrum
- Kartlegge muligheter for å etablere ny rasteplass ved Gaukås stasjon.
- Ein skal ta kontakt med ekstern konsulent for å sjå på korleis ein kan kome vidare med realisering.

### **Fritidsklubb**

Fritidsklubben er open 2 dagar i veka, og skal vere inkluderande for alle i målgruppa 8. klasse til 18 år i heile kommunen. Ungdommen skal i stor grad vere med å utforme aktivitetssinnhaldet.

### **Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Ein ser at arbeid med integrering er svært viktig i ungdomsklubben. I 2020 vil ein ha eit spesielt fokus på dette gjennom ulike aktivitetar.  
Ungdomsklubben var ope onsdag, fredag og laurdag, og hadde rekordmange ungdommar frå 5. – vidagåande skule i alder, som medlemmer. Til saman 90 ungdom og det var svært godt oppmøte på klubben. Som følgje av smittevern, vart Fleirbrukshuset stengd 12. mars, og det har ikkje vore ordinær klubb etter dette. Dei tilsette har vore i kontakt med ungdommen, har vore tilgjengelege på telefon, og har sett opp online sjakkklubb.
- Fritidsklubben er open kvar onsdag og kvar fredag.  
Klubben har vore stengd sidan 12. mars, som ledd i førebyggjande tiltak mot spreiding av covid-19 viruset.

### **Kino**

I samarbeid med Bygdekinoen er det kinoframsying kvar 14.dag i kinosalen på Fleirbrukshuset. Det er Bygdekinoen som bestemmer programmet og har billettinntektene, så kommunen si oppgåve er å legge lokale til rette og profilere kinotilbodet.

### **Spesielle tiltak/endringar i 2020**

- Ein ynskjer å ha meir fokus på å reklamere for bygdekinoen og få enno fleire til å gå på kino  
I samband med stenging av Fleirbrukshuset 12. mars, vart og Bygdekinoen avlyst i tråd med statlege råd og lokal kriseleiing. Bygdekinoen var tilbake med framsying 13. mai, då med restriksjonar jamfør statlege råd og lokal kriseleiing. Det er 30 plassar tilgjengeleg, og det er kun høve til å kjøpe billett på nett. Kinokiosken er stengd og det er innført ekstra hygienetiltak for tilsette og publikum.

### **Bibliotek**

Nissedal folkebibliotek er eit kombinasjonsbibliotek lokalisert saman med Nissedal ungdomsskule. Det er ope for publikum 2 dagar i veka og 20 laurdagar i året, og skulen kan nytte det ved behov. Dagsaktuell litteratur, enkeltarrangement og god profilering er tiltak for å nå mål om å vere eit samlingspunkt for stimulering til leselyst i alle aldrar. Biblioteket skal delta aktivt i tverrfagleg arbeid saman med barnehage og skule.

#### **Spesielle tiltak/endingar i 2020**

- Satse på biblioteket som ein naturleg samlingsstad for kommunens innbyggjarar i tråd med lov om folkebibliotek.  
Biblioteket har utvikla seg til å bli ein samlingsstad for born og ungdom etter skuletid på måndagar og onsdagar. Biblioteket vert nytta til lekser, spel, sosialt samvær og lesing. Dette er i tråd med Biblioteklova, og ei målsetting for biblioteket. Ein vil satse vidare på dette gjennom samarbeid med frivilligsentralen og ha fokus på born og unge etter skuletid.
- Nytte seg av ulike støtteordningar for å sjå på moglegheit for å styrke biblioteket fagleg og på opningstid.  
Frivilligsentralen har søkt og fått 100.000 til eit prosjekt som vert kalla Etter skuletid på biblioteket. Her er målsettinga å legge enno meir til rette for born og unge, med mat og leksehjelp. Prosjektet vil bli starta på ved skulestesart.  
For tida er biblioteksjefen i permisjon, og det er inne to ufaglærte vikarar. Det er ei målsetting at dei klarar å nytte seg av ulike opplæringstilbod. Når biblioteksjefen er tilbake, vil det faglege grunnlaget for biblioteket, ein fagutdanna biblioteksjef, vere ivareteke.

### **Spelemidler – kommunalt tilskot**

Gjennom tett samarbeid med idrettsrådet skal kommunen kvart år prioritere spelemiddelsøknadar som kjem inn. Dette skjer gjennom å rullere handlingsdelen i kommunedelplan for idrett og friluftsliv kvart år.

#### **Spesielle tiltak/endingar i 2020**

- Legge til rette for eit godt samarbeid mellom søkjarar på spelemidler i kommunen og legge til rette for ein god og berekraftig anleggsutbygging.  
Spelemiddelsøknadar er sendt inn og godkjende som søknadar for 2020. Det er venta vedtak på om vi får midlar i juni. Årets søknadar er, etter prioritert rekkefølge:  
Driftingbane, Nidelv Arena, fornya søknad, restbeløp: kr. 259.000  
Tur og sykkelløype på Lina med skilt: Restbeløp, maks søkjesum: kr. 630.000  
Kunstgrasbane på sentralidrettsanlegget: Fornya søknad kr. 405.000  
Alle søknadane er fornya søknadar, det vil sei at det vart søkt på desse i fjor og, men at vi då ikkje fekk midlar.

### **Ålmenne kulturtiltak/arrangement**

Tett samarbeid med skulane om den lokale delen av Den kulturelle skulesekken (DKS). Dele ut prosjekt- og kulturmidlar med fokus på barn og unge. Enkeltarrangement.

#### **Spesielle tiltak/endingar i 2020**

- Kulturarrangement i Fleirbrukshuset, ha som mål å ha 2 større kulturarrangement i tillegg til fleire små arrangement i løpet av 2020.  
28. mars vart det gjennomført UKM og kulturskulekonsert i Fleirbrukshuset. 29. mars hadde Synne Sanden og Nissedalskoret konsert. 12. mars vart Fleirbrukshuset stengt, og det har ikkje vore arrangement etter dette.
- Legge til rette for arrangement for eldre og born i barnehagen gjennom å legge til rette for det og nytte midlar frå Fylkeskommunen til dette føremålet.

### **Kulturvern og –samlingar**

#### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Starte arbeidet med Kulturminneplan  
Det har ikkje vore tid til å starte på dette arbeidet. Ein bør sjå på korleis dette skal løysast, då tida ikkje strekk til.
- Jobbe meir aktivt for å marknadsføre bygdebøkene kommunen har for sal.  
Salet av bygdebøker har vore svært lågt fyrste halvår, ein bør obbe meir målretta med marknadsføring av bøkene.

### **Kulturskule**

Kulturskulen har undervisning i song, gitar, piano, låtskriving, kunstfag og bass. Undervisninga skal vere tilpassa den enkelte elev, og ha fokus på meistring og utvikling av kreative evner.

I tillegg til enkeltundervisning, har ein tilbod om kulturskuletimen for elevar i 1. og 2. klasse, som vert lagt til rette slik at det er så lett som mogleg for den einskilde elev å møte opp. Timen vert lagt rett etter skuleslutt på tysdagar og kvar skule i kommunen får tilbodet på sin skule. Kulturskuletimen er eit lågterskeltilbod og er gratis. Kulturskulen skal arrangere minst 2 konsertar i året der kvar elev kan vise fram kva den har jobba med. Kulturskulen arrangerer UKM i samarbeid med ungdomsklubben.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Ha 2-3 konsertar i 2019, med fokus på at alle er med og alle føler meistring ved å framføre noko.  
Det vart gjennomført UKM og kulturskulekonsert 28. februar. Nesten alle elevane i kulturskulen deltok, og det vart ein flott konsert. 2 innslag gjekk vidare til fylkesmønstringa. 12. mars vart Fleirbrukshuset stengd, og det har ikkje vore, og vil ikkje bli, arrangert fleire konsertar med kulturskulen før sommarferien.

### **Ungdomsrådet**

Nissedal ungdomsråd består av ungdom i kommunen, vald av ungdom.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Ungdomsrådet er etablert og har faste møtepunkt.  
Nissedal ungdomsråd er etablert og ungdomsrådet har medlemmer vedteke av kommunestyret. Ungdomsrådet har ikkje hatt møter og har ikkje kome i gong med arbeidet, då alt vore stengd ned som følgje av covid-19-viruset. Arbeidet vil bli tatt opp no, når ein igjen kan møtast.
- Ungdomsrådet lagar eitt arrangement i samarbeid med ungdomsklubben
- Ungdomsrådet deltek aktivt i styringa av fritidsklubben.
- Ungdomsrådet får opplæring i lokaldemokrati og har uttalerett i nokon kommunale saker.

**Flyktingetenesta:**

Legge til rette for ei god integrering og gjere dei nye innbyggjarane så sjølvhjelpne som mogleg, så raskt som mogleg. Dette må gjerast gjennom god planlegging og godt samarbeid mellom dei ulike tenesteytingane i kommunen. Spesielt må ein legge vekt på eit godt samarbeid med vaksenopplæringa.

**Spesielle tiltak/endingar 2020**

- Jobbe målretta mot arbeid eller utdanning etter endt introduksjonsprogram for dei vaksne.  
Det vert jobba målretta i samarbeid med NAV og utdanningsinstitusjonar om å få deltakarar i intro ut i jobb, arbeidstrening eller utdanning.
- Jobbe for at born og unge får ein så god kvalifisering som råd.  
Det er eit samarbeid med skule og flyktingetenesta om oppfølging av dei framandspråklege elevane i kommunen. Det er særst viktig med god oppfølging og god læring frå skule, då dette har stor betydning for vidare utdanning og jobb.
- Jobbe for integrering gjennom arbeid og fritidsaktivitet.  
Det vert jobba med integrering gjennom samarbeid med lokale lag og org i kommunen og det er ei målsetting å få flest mogleg ut i jobb.
- Jobbe med ein nedtrappingsplan for tenester rundt flyktingar og gjere gradvis overgang til ordinært hjelpeapparat så god som råd. Dette gjerast etter politisk vedtak om nedtrapping og nedbemanning.  
Vedteke plan for nedtrapping vert fulgt opp. Del 1 av planen er gjennomført, og frå 1. juni er 60% ressurs i flyktingetenesta borte. Arbeidet med vidare reduksjon jamfør plan startar no.

**Kompetanseutvikling:**

Det har ikkje vore gjennomført kurs eller utdanning i kultur i fyrste halvår 2020. Det er heller ikkje planlagt større utdanningsløp.

**Sjukefråvær:**

Sjukefråværet i Eining for kultur er på 12,48%. Dette er ei svært stor auke frå tidlegare år, men skuldast langtidsfråvær og kortare sjukemeldingar som er tilfeldige. Dette er har ikkje årsak i arbeidsmiljø.

**Økonomivurderingar – Nye behov:**

Eining for kultur sitt budsjett ligg greitt an på ramma, med unnatak av løn på bibliotek og mindre inntekt på eigenbetaling i kulturskulen.

På bibliotek er lønsutgiftene noko høgare enn det er lagt til grunn i budsjettet. Dette skuldast kostnad ved fødselspermisjon og løysing av vikar. Ein finn inndeckning for dette i budsjettet. Når det gjeld inntekt og eigenbetaling i kulturskulen, vart det vedteke å gje ein reduksjon på brukarbetaling med 30% sidan det har vore ein alternativ undervisning.

Dette vil gje ein svikt i budsjettet inntekt med kr. 20.000.

Det vart gjort dette vedtaket i kommunestyremøte 23.4:

*På bakgrunn av at undervisninga i kulturskulen vil over ein lengre periode vere organisert slik at den gir eit lågare læringsutbyte enn normalt, vert det tilrådd å redusere eigenbetalinga for vårhalvåret. Dette vert litt skjønsmessig sett til ein reduksjon på 30%. Nissedal kommunestyre vedtek at eigenbetaling for vårhalvåret 2020 for kulturskulen blir redusert med 30%.*

*Dei budsjettmessige sidene ved dette blir å innarbeide i samband med 1. tertial.*

**Ein bed om ei auke i ramma på kr. 20.000**

17. mai: På grunn av smitteverntiltak kring covid-19, vart 17. mai annleis enn vanleg i år. Det vart sett i verk arrangement som ikkje skulle medføre smitterisiko. Det vart difor organisert skramletog og andre arrangement utan at menneske kom saman fysisk. Det var 17. mai-komiteane i kommunen som stod for planlegginga, men dei hadde ikkje høve til å tene på arrangementet, slik det har vore tidlegare. Det vart difor bestemt at kommunen skulle gje ei støtte på kr. 1.000 til kvar komite, i tillegg skulle appell for dagen, skramletog og gudsteneste i Treungen streamast over Facebook, heimeside og FM-radio. Til dette vart Jermansen media leigd inn.

Kostnad: 12.438 ink mva. Til saman vart dette ein kostnad på kr. 16.438 som ikkje det er budsjettdekning for i kultur.

**Ein bed om ei auke i ramma på kr. 16.438**

Teleslynge:

Det har lenge vore behov for teleslynge i Fleirbrukshuset. Det vart løyvd midlar til dette for 2 år sidan, men det har vore vanskeleg å finne ut av rett utstyr og god kvalitet på lyden, då rommet har mykje armering i seg, som forstyrrar signalet. Midlane som vart løyvd, forsvann i dragsuget for 2 år sidan.

Teleslynge er no intallert og fungerer fint. Det er montert i Fleirbrukshallen, og den vil bli brukt når det er arrangement.

**Ein bed om ny løyving på kr. 53.000 ink mva til teleslynge**

Oppfølging av politiske vedtak etter vedtak av handlingsprogram:

Nedtrapping av flyktingetenesta: Nedtrapping jamfør kommunestyresak er godt i gong. 60% stilling miljøarbeider er avslutta 1. juni. Dette utgjorde reduksjon av lønsutgifter på kr 125.000. Vidare nedtrapping vert jobba med.

Etablering av ungdomsråd: Nissedal ungdomsråd er etablert og medlemmer vedteke av kommunestyret. Det har ikkje vore møter på grunn av covid-19-tiltak, men det vil bli kalla inn til møte no som skulen har starta.

Prosjektering av klatrehall og plan for Sommarsletta og sentrum: Nissedal kommune fekk tilskot til ein studie i om lokstallen på Sommarsletta kan eigne seg til ein interkommunal klatrehall. Til dette fekk kommunen kr. 250.000, og Faun naturforvaltning vart leigd inn for å gjere dette. I tillegg vart det søkt om midlar frå fylkeskommunen til å sjå på gåvenlege og universelt utforma sentrum. Dette fekk kommunen kr. 150.000,- til. Faun fekk den oppgåva og, og ser på korleis ulike planar for sentrum og Sommarsletta, kan flettast saman til ein plan som ser på utvikling, universell utforming, fysisk aktivitet og attraksjon i Treungen sentrum. Planane vil bli ferdige rett før, eller etter sommarferien.

Topptur Nissedal: Topptur Nissedal er godt i gong, og har vore svært populært for alle aldersgrupper i kommunen, spesielt under koronatid. No som hytteturistar kan kome til kommunen igjen, ser ein at enno fleir nyttar prosjektet. Det vart gjort eit godt arbeid i forkant av start, slik at alle turane har tellturkodar som virkar. Dette var spesielt viktig, då ein ikkje skal skrive i bøkene no. Det er eit godt og etablert samarbeid mellom kommunen og friluftsrådet sør på dette.

Idrettsanlegg: Idrettsanlegga i kommunen som har vore under bygging, er i ferd med å bli ferdigstilte. Tur-og sykkelveg på Lina, er straks ferdig, då med skilting og opparbeiding/rehabilitering av veg. Aktivitetspark i Kyrkjebygda er ferdig. Kunstgrasbane på sentralidrettsanlegget er ferdig og driftbane på Nidelv Arena vert jobba med.

Til saman har kommunen no svært gode og varierte idrettsanlegg, som vil kunne gje eit godt tilbod til innbyggjarar, hyttebuarar og turistar. Dette er god investering i attraksjon og folkehelse. Ein stor takk rettast til dei frivillige, som er ein stor og viktig faktor for å få realisert. Takk till Treungen idrettslag for dugnad og initiativ på kunstgrasbanen og takk til Nissedal IL for dugnad og initiativ på aktivitetsparken.

Reduksjon av eigenbetaling i kulturskulen:

Det vart i kommunestyret 23. april (sak 20/20) vedteke å redusere brukarbetaling i kulturskulen. Dei budsjettmessige sidene ved dette blir å innarbeide i samband med 1. tertial. Kr 20.000

Korona – rapportering:

Som beskrive over, har ein redusert eigenbetaling på kulturskule med 30%, dette på grunn av at undervisninga vil gje eit lågare læringsutbytte enn ved normal undervisning.

Det har ikkje vore aktivitet i Fleirbrukshuset eller bibliotek sidan 12. mars.

Dette har ført til mindre utgifter, men og mindre inntekt. Ein ser ikkje store avvik i budsjett enno.

Det som vet spennande å sjå, er om publikum kjem attende til dei aktivitetane og tilboda som var i Fleirbrukshuset før korona.

Ein snakkar no om begrepet «post korona». Vil publikum returnere, eller er dei redde for mange menneske saman? Har dei funne andre aktivitetar/fått andre vanar?

I opptrapping av aktivitet, trur eg det er viktig å jobbe godt, slik at grunnlaget av menneske som brukte fleirbrukshuset før korona, kjem tilbake.



### 3.9 Eining for helse og habilitering

#### Kommuneplanen sine mål:

**Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.**

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimplassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- Helsepersonelloven
- Folkehelseloven
- Pasient og brukarrettighetsloven

#### Vidareføring av etablert drift:

##### Heile eininga

##### Spesielle tiltak/endingar for 2020.

- Revidere og utarbeide planar som er beskriver i planstrategi for Nissedal kommune.
- Kompetanseheving for tilsette i eininga og søke eksterne midlar til dette arbeidet.
- Arbeide med å redusere 30% stilling i eininga.
- Innføre kvalitets- og avvikshandteringssystemet Compilo
- Arbeide for at ufrivillig deltid er på eit lågast mogleg nivå.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.

##### Tenester for funksjonshemma

Tenestene er organisert i Kåsa bu og avlasting (Kåsa). Det er 7 personar som bur i eigne bustader knytt til Kåsa. I tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Nissedal. Brukarane på Kåsa er psykisk og fysisk utviklingshemma og har store bistandsbehov. Alle tenester vert tildela eller vedtak.

I tillegg til tenestene i Kåsa har eininga ansvar for dei personane i kommunen som har vedtak om støttekontakt, avlasting og BPA får det. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

##### Spesielle tiltak/endingar for 2020.

- Redusere 20% stilling i tenesta for funksjonshemma.  
Gjennomført og sett i verk.
- Lage ny grunnturnus og vurdere tenesta for å imøtekome innsparingskrav.  
Gjennomført og sett i verk.



- Innføre «Mobil omsorg», eit verktøy for god pasientdokumentasjon.  
Utsatt inntil vidare pga. korona.
- Bruke KS-læring for kompetanseheving.  
Er delvis sett i gang. M.a. nytta nå i samband med korona-situasjonen.
- Gjennomføre Velferdsteknologi ABC for 2 tilsette, påbyrja i 2019.  
Siste del utsatt på bakgrunn av korona.

### **Mila aktivitetssenter**

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med psykisk utviklingshemming. Det er også eit lågterskel-tilbod til personar som treng det.

### **Helseavdelinga**

Dei kommunale helsetenestene etter kommunehelselova er organisert slik:

Legekontor : Legekontoret er bemanna med 2 legar, turnuskandidat, sjukepleiar og helsesekretær. Kontoret har ein avdelingsleiar i 40%, som også er leiar for resten av helseavdelinga.

Jordmorteneste : Jordmortenesta 25% stilling. Tenesta fylgjer opp alle gravide før og etter fødsel.

Fysioterapitenester : Nissedal kommune har til saman 180% fysioterapistilling. 80% er på driftsavtale og 100% er fast tilsett i kommunen.

Helsestasjon : Nissedal kommune har helsesjukepleiar i 100% stilling. Helsesjukepleiar har ansvar for skulehelsetenesta og helsetenester til barn og ungdom.

Friskliv/folkehelse : Nissedal kommune jobbar aktivt med friskliv. Det er ingen fast tilsette som arbeider bare med dette, men kommunefysioterapeuten har eit overordna ansvar for aktivitetane.

Psykisk helse: Tenesta har 160% stilling fordelt på to tilsette. Dei gjev tenester til vaksne og barn som trenger oppfølging i kortare eller lengre periodar.

### **Spesielle tiltak/endringar for 2020**

- Vurdere ulike alternativ til legevaktsamarbeid.  
Arbeidet byrja på, men satt i bero pga. leiarskifte i eininga.
- Kommunelegen har permisjon i delar av stillinga si 2020 (33% permisjon).  
Sett i verk/gjennomført.
- Halde fram med prosjektet " Arbeid mot rus " i psykisk helse.  
Prosjektet er avslutta.
- Vidareføre folkehelse prosjektet " Topptur Nissedal " og søkje relevante eksterne tilskot.  
Prosjektet er vidareført, men har ikkje funne eksterne tilskot. Arbeid med å finne eksterne tilskot ikkje prioritert etter vakanse/skifte i leiarstilling.

### **Kompetanseutvikling:**

Eininga har hatt ein avdelingsleiar på vidareutdanning i 2019/20. Vert ferdig juni 2020.

### **Sjukefråvær:**

Eininga har eit litt høgare korttidsfråvær enn tidlegare, men totalfråværet er likevel lågt på 3,46% etter 1. kvartalsrapport, frå Agresso. Etter GAT fram til nå, er

sjukefråværet totalt for eininga 5,59% der kortidsfråværet er 4,0%. Dette stemmer litt meir ifht bildet på sjukefråvær ifht koronatiltak som har medført meir korttidsfråvær-

#### Økonomivurderingar – Nye behov:

Slik det er nå, har ein klart å balansere budsjettet ifht 1. tertial, men pga reduksjon av tenester i «koronatida» som produserer inntekter, vil det være sannsynleg at det kan bli utfordringar på budsjettet i løpet av året.

Tiltaket med T-skjorter til toppturprosjektet er ikkje dekt inn med eksterne midlar i år, og er belasta budsjettet til fysioterapeuten. Her må ein jobbe vidare med å søke eksterne midlar, elles kan også denne utgiftsposten bli vanskeleg å få dekt inn i årets budsjett. Stipulert kostnad her er Kr. 60.000,-

Eininga har fått Kr. 350.000,- i år, som ifjor, i eksterne midlar til styrking av Skulehelsetenesta. Bruken av midla er under planlegging og vil brukast på skuleåret 20/21.

Eininga har i tillegg fått tildelt Kr. 2.500.000,- frå fylkeskommunen for å være med i prosjektet «Rusfritt, robust og rettferdig». Midla vert fordelt over 4 år, der vi har fått Kr. 700.000,- for 2020. Bruken av midla er under planlegging og planen er å starte med prosjektet frå August 2020.

Inntektene på legekantoret viser ein betydelig nedgang i 1. tertial. Samanlikna med same i periode i 2019, viser ein reduksjon av inntekter på nær kr 200.000. Aktiviteten er framleis ikkje på normalnivå, og ein stipulerer at inntektstapet vil bli større. Bortfall av inntekter på rundt minst kr 250.000 for heile året vert vurdert som realistisk.

#### Oppfølging av politiske vedtak etter vedtak av handlingsprogram:

Fredagsgruppa på Mila er redusert frå kvar fredag, til 2. kvar fredag, som fylgje av budsjettvedtak om redusert ramme.

#### Korona – rapportering:

Eininga har hatt eit noko større korttidsfråvær pga korona, spesielt på Kåsa. Er dekt inn noko ved at ressurs frå Mila har vore brukt inn på Kåsa.

#### Fysioterapi:

Har vore stengt i mars/apri/mai. Her kan ein vente reduksjon i inntektene men er for tidleg å seie kor mykje.

#### Legekantor:

Har og vore mykje stengt i mars/april, men har gradvis opna i mai og er vel omtrent i full drift igjen nå. Kan forvente inntektsreduksjon her, men er vanskeleg å seie heilt nøyaktig før alle refusjonane kjem inn.

#### Mila:

Har vore stengt i mars og april. Er i gang med å opne for nokre grupper, men er nok ikkje i full drift igjen før etter sommaren.

### 3.10 Eining for omsorg

**Kommuneplanen sine mål:**

Nissedal kommune har trygge helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimplassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen trygge barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.

**Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:**

Lov om helse- og omsorgstenester

Pasient- og brukarrettighetsolva

Helsepersonellova

Norm for informasjonssikkerhet

Kvalitetsforskriften for pleie og omsorg

Demensplan 2015

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» 2018 – 2023 (Meld. St. 15 (2017–2018))

**Vidareføring av etablert drift:****Heile eininga**

Eining for omsorg utfører tenestene i samsvar med kvalitetsforskrifta, som sikrar den einskilde brukar å vere med å bestemme korleis den daglege tenesta skal utførast.

**Spesielle tiltak/endingar i 2020**

- Etablere og drifte dagtilbud for demens (jfr demensplan 2020).  
Gjennomført. Tilbodet førebels etablert på skjerma avdeling.
- Vidareføre ordninga med aktivitetsvenn (AV).  
Er vidareført, men i avgrensa form pga. korona.
- Fortsette arbeide for å halde sjukefråveret for heile eininga på 7% eller lågare.  
Sjukefråværet 1. kvartal er 11,2%. Men ein har tru på at det er på veg ned att.
- Styrke avdelingsleiarne kompetanse, ein avdelingsleiar på vidareutdanning leing 2019/2020  
Ein avd.leiar blir ferdig med si vidareutdanning nå i juni.
- Utvikle tenestetilbodet i tråd med at 5 nye omsorgsbustader vert ferdigstilt, samt utreie behov for fleire omsorgsbustadar  
Arbeidet er i gang og byggestart er planlagt september/oktober. Vidare utbygging vil ein kome attende til i løpet av kort tid.
- Utgreie behov og iverksetting av alternative velferdsteknologiske tilbod, og delta i Vest – Telemark samarbeidet på området.  
Deltar i dette arbeidet saman med dei andre Vest-Telemark kommunane.
- Føre vidare ordninga med interkommunal pårørandeskule for pårørande til personar med demens i eit samarbeid med Vest-Telemark kommunane  
Har ikkje blitt jobba med pga. korona.

- Innføre og halde i drift kvalitets- og avvikshandteringssystemet Compilo  
Har starta på internopplæring av dette systemet. Har fått lagt inn prosedyrar og rutinar.
- ROS analyser avdelingsvis, fortsetter frå 2019  
Satt i bero pga. korona.
- Arbeide med rekruttering →lage ein rekrutterings-/kompetanseplan, vidare frå 2019  
Satt i bero pga. korona.
- Innføre NEWS 2 som kartleggings/triage verktøy i heile eininga, heimesjukepleia har det i drift pr. 2019.  
Utstyret er på plass, men opplæring i bruk er satt i bero pga. korona
- Gjennomføre Velferdsteknologiens ABC for 7 tilsette i eininga, påbyrja i 2019.  
Er i gang, men ikkje fullført pga. korona.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
Ikkje prioritert pga. korona og leiarskifte.
- Utvikle tenestane i perioden 2020 – 2023 i tråd med anbefalingane frå kvalitetsreforma «Leve heile livet»  
Satt i bero pga. korona.
- Bruke KS-læring for kompetanseheving  
Brukt nå i samband med koronasituasjonen.
- Rapportere korleis reduksjon av stillingar er innarbeidd i ramme.  
Lagt opp til å legge fram sak for kommunestyret i juni.
- Arbeide for at ufrivillig deltid er på eit lågast mogleg nivå.  
Satt i bero pga. korona.
- Grundig gjennomgang av tenestenivået i dei ulike trinna i tenestetrappa.  
Vil bli ivare tatt ved utarbeiding av omsorgsplan.
- Utarbeide ein omsorgsplan med handlingsdel.  
Arbeidet blei starta på. Det er etablert styringsgruppe. Men arbeidet er blitt utsatt pga. korona og leiarskifte.
- Orientering om hvordan kompetanseheving er ivareteke i eining for omsorg.  
Ikkje prioritert så langt pga. korona og leiarskifte.

### **Administrasjon/tenestekontor:**

Tenestekontoret sakshandsamar alle søknader om omsorgstenester, tryggleiksalarmar og hjelpemidlar. Det er omlag 180 aktive brukarar som har hjelpemiddel frå NAV hjelpemiddelsentral. Vidare syter tenestekontoret for ein del interne system og rutinar, spesielt innanfor datasikkerhet og personvern, internopplæring, kvalitetssikring og avvikshandtering.

### **Spesielle tiltak/endringar i 2020**

I 2020 vert dagens bemanning på 2,0 årsverk på tenestekontoret vidareført.

- Nav hjelpemiddelsentral krev at kommunane overtek meir og meir av oppfylgingsansvaret i høve til hjelpemiddel som brukarar har fått i heim, skule, på arbeidsplass og til fritidsaktivitetar. Dette er eit ressurskrevjande arbeid og krev årleg oppdatering/kurs og tett samarbeid med hjelpemiddelsentralen. Tenestene er på tvers av einingar, krusene tærer på eining for omsorg sitt kurs budsjett, dette bør tas høgde for ved prioriteringar.  
Har i 1. tertial hatt eit godt samarbeid med hjelpemiddelsentralen. Dei har m.a. bidratt med detaljplanlegging av nye omsorgsbustadar.
- Tenestekontoret vert og utfordra på å overta oppgåver som NAV har hatt tidlegare. T.D. parkeringskort, følgjekort og TT-kort.  
Tenestekontoret har overtatt oppgåve med parkeringskort og følgjekort.

**Institusjonstenester:**

Institusjonstenestene er organisert i 2 avdelingar. Somatisk avdeling har 14 plassar for avlastning, korttids- og langtidsopphald (av desse er det 1 plass til akutt beredskap, 1 avlastningsplass med rullerande opphald og 2 korttids plassar). Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. Plass tildelast etter eigne kriterier. Opphald i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, rehabilitering og aktivitet.

I tillegg til pasientar frå eigen kommune kan Nissedal kommune også gje institusjonsplass til personar frå andre kommunar, både gjennom samarbeidsavtale i Vest-Telemark, og etter behov frå andre kommunar. Dette under føresetnad av at eigne innbyggjarar sin rett til omsorgstenester kan imøtekomast og at det ikkje gjev meirkostnadar for eininga.

**Spesielle tiltak/endingar i 2020**

- Fokus på internundervisning og oppdatering for å heve det faglege nivået hos alle yrkesgrupper.  
*Har gjennomført mykje internundervisning i høve til korona. Har og hatt internundervisning i forflyttingsteknikk.*
- Arbeide med å implementere kartleggingsverktøy for ernæringsstatus  
*Satt i bero pga. korona.*
- Gjennomføre vergekurs for alle tilsette ved skjerma avdeling  
*Satt i bero pga. korona.*
- Forberede somatisk avdeling på omstilling i 2021 frå 14 til 10 plassar dersom omsorgsbustadane vert ferdige i 2020.  
*Omsorgsbustadane blir ikkje ferdig før i 2021.*

**Heimebaserte tenester:**

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp. Etter vedtak gjevast det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også utrykking og evt oppfølging dersom tryggleiksalarmar vert utløynt. Hausten 2019 er det 30 personar som har tryggleiksalarm. Heimebaserte tenester må kontinuerleg tilpassast variasjon i tenestebehov, talet på pasientar og reiseavstand, men slik at alle personar får den hjelpa dei har krav på. Hausten 2019 er det 68 personar (mot 64 i 2017) som er tildelt ulike heimetenester og 63 personar (mot 45 i 2017) som får praktisk bistand i heimen (heimehjelp). Det er aukande behov for tenester blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim.

**Spesielle tiltak/endingar i 2020**

- Fokus på internundervisning og oppdatering for å heve det faglege nivået hos alle yrkesgrupper.
- *Har gjennomført mykje internundervisning i høve til korona. Har og hatt internundervisning i andre fagkurs.*
- Arbeide med å implementere kartleggingsverktøy for ernæringsstatus
- *Satt i bero pga. korona.*
- Greie ut løysingar for heimebaserte tenester på natt slik at omsorgssenteret kan levere forsvarlege tenester heile døgeret.
- *Satt i bero pga. korona.*

**Serviceavdelinga:**

Reinhold, vaskeri og kjøkken knytt til omsorgstenestene er organisert i eiga serviceavdeling. Kjøkken har også sal og administrering av utkøyring av middag til heimebuande (etter vedtak). Hausten 2017 er det 20 personar som får køyrd middag heim. Dette er ikkje eit lovpålagd tilbod, men er eit svært viktig tiltak for å førebyggje underernæring hos personar som bur heime.

- Greie ut og byggje nytt større vaskeri i tråd med nye retningslinjer for hygieniske prinsipp, for å betre arbeidsforhold og spare inn 30% stilling ved å redusere tal på dagar vaskeriet har opent frå 5 til 3 gonger pr veke.  
Utsatt pga. korona.
- Utbetre grovkjøkkenet til NOS, slik at hygieniske prinsipp og arbeidsmiljø vert ivaretatt.  
Utsatt pga. korona.

**Kompetanseutvikling:**

1 avdelingsleiar på leiarutdanning på BI, vert ferdig nå til sommaren.

1 sjukepleiar på vidareutdanning ifht akutt sjukepleie

**Sjukefråvær:**

Sjukefråværet er høgare enn i 2019, då det var særst lågt. Noko kan forklarast med korona tiltak, der tilsette må vere heime frå jobb på mindre symptom enn før. Dvs at korttidsfråvær har vore høgare nå enn tidlegare. I tillegg har det vore nokre langtidssjukemeldingar som har dratt fråværet opp.

Sjukefråværet 1. kvartal var på 11,22% etter statistikk frå Agresso. Iflg GAT er sjukefråværet til nå 10,5% altså på veg ned, men korttidsfråværet er på 5%, der vi ikkje får noko refusjon. Spesielt i heimesjukepleia og på somatisk har korttidsfråværet vore ekstra høgt.

**Økonomivurderingar – Nye behov:**

Auka utgifter til smittervernsutstyr Kr. 50.000,-

Auka utgifter til sårmateriell, pga bruker i heimesjukepleia med kostbare bandasjeutstyr. Ca kr. 20.000,- pr. mnd i ekstra utgifter ut året. Kr. 140.000,-

Inntektsvikt for heimehjelp i mars og april. Her kan vi få ca kr. 40.000,- i inntektsvikt

Auka utgifter til innleige av vikarar pga auka korttidsfråvær. Ekstrautgiftane er forsøkt dekt inn ved å justere inntektspostar og utgiftspostar i budsjettet, men har likevel ikkje klart å dekke inn alt. Det er stipulert at budsjettet her ei underdekning på kr 67.000,- i høve til vikarar.

Der i tillegg bestilt inn 2 bekkenspylarar til Kr. 240.000,- som blir innarbeidd i investeringsbudsjettet (dette jf. kommunestyresak 27/20).

Oppfølging av politiske vedtak etter vedtak av handlingsprogram:

Planer for innsparing etter budsjettvedtak:

60% stilling administrasjon, reduksjon fra 1.10 prosess ikkje heilt igang

50% stilling heimehjelp, reduksjon fra 1.6. (naturleg avgang)

40% stilling institusjon, reduksjon frå 1.9 (naturleg avgang)

150% stilling totalt

Omtale/konsekvensar kjem i sak som blir lagt fram i juni-møte.

Korona – rapportering:

Pga anbefalte tiltak frå regjeringa/FHI er det gjort følgjande tiltak:

## Heimesjukepleie:

- Flytta til Mila, for å halde avstand til institusjon
- Noko redusert teneste, men alt av nødvendige forsvarlege tenester er gjennomført
- Begynner å komme inn i normalen igjen med diverse smittevernstiltak
- Har kjørt middager til pasientar i perioden.
- 

## Praktisk bistand/heimehjelp:

- Ikkje utført heimehjelpstenestar i mars/april
- Innført heimehjelpstenestar igjen i mai.
- Vil medføre reduserte inntekter

## Service:

- Utfordringar rundt reinhaldsprosedyrar med berre ein tilsett på reinhald
- Redda av at vi har færre pasientar på NOS, slik at pleiepersonell hjelper til
- Vaskeriet kan bli satt ut av spill, dersom vi får smitte på NOS. Er lite tilrettelagt for slike utfordringar
- Reinhaldsleiar i kommunen har hjulpet til med prosedyrar og nye rutinar.

## Institusjonstenestar:

- Stengt Nissedal omsorgssenter for besøk av pårørande f.o.m. mars
- Har hatt ordningar med besøk, dersom pasientar er døyande.
- Har også forsøkt med besøk frå pårørande på utsida av NOS med retningslinjer.
- Har hatt eit nettbrett med facetime for at pasientane skal få moglegheita til å oppretthalde noko kontakt med pårørande.
- Nye retningslinjer som kjem snart, vil lette på tiltaka, slik at det vert mogleg for pårørande å kome på planlagde besøk i sommar.
- Er oppretta kohortavdeling på NOS, med plass til 3 – 4 pasientar.
- Er fysisk skilt av med sluse til avdelinga
- Vert ei utfordring å bemanne avdelinga, dersom vi får smitte av Covid 19 til kommunen.
- Strengere reglar med smittevernprosedyrar, har ført til auka utgifter til utstyr i perioden.
- Bestilt inn fleire bekkenspylarar for å betre smittevernrutinane på NOS.



### 3.11 Eining for teknisk drift

#### Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune skal dekkje behovet for tekniske tenester og halde ein forsvarleg miljøprofil.

- Alle som er knytt til offentleg vassforsyning får nok, godt og reint vatn til vanleg hushald utan driftsavbrot.
- Kommunen tar hand om avløpsvatn, slik at det ikkje oppstår miljøskade og sjenerande tilhøve.
- Kommunale renovasjonstenester skal vere av god og tidsriktig kvalitet og ta omsyn til det ytre miljøet.
- Kommunen har gode og trafikksikre kommunale vegar, både sommar og vinter.
- Kommunen sikrar i samarbeid med Statens vegvesen gode og trafikksikre tilkomst til/frå fylkeskommunalt/staleg vegnett.
- Dei mjuke trafikantane ivareta særskilt, jf. Trafikksikringsplan.
- Kommunen legg til rette for tomter til bustader og næringsbygg etter behov.
- I Nissedal kommune er det trygt å bu der fortløpande arbeid med samfunnstryggleik og beredskap førebyggjer krisesituasjonar. Kriser løysast på lågast mogeleg nivå i samarbeid med dei kommunale einingane, brannvern, helsetenester og samordning med eksterne instansar som politi, sjukehus, sivilforsvar, bedrifter og frivillige organisasjonar.
- Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) er ein del av kommunen sitt HMS-arbeid og internkontroll.

#### Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Plan for kriseleiing og beredskap

Handlingsplan for trafikksikring 2015-2016

Klima- og energiplan for Nissedal kommune 2010-2015

Drikkevatt forskrifta

#### Vidareføring av etablert drift:

##### Heile eininga

Tekniske tenester omfattar både interne tenester i organisasjonen og diverse tenesteyting ut mot publikum. Dei viktigaste tenestene er nemnd under.

##### Spesielle tiltak/endringar i 2020

- Kartlegge tilstanden på bilane som nyttast av eining for teknisk drift  
Det er gjort ei vurdering av alle bilane som nyttast både av vaktmeistrar og driftsoperatørar. På bakgrunn av auka bemanning har ein i dag ein bil for lite og ein bil som har mykje driftsproblem. Sjå eiga sak under avsnitt «nye behov»
- Kjøpe ny fres til traktor, da den eksisterande er utslitt.  
Gjennomført innafor løyva ramme.
- Gjøre ei vurdering av behovet for å bytte ut traktor som eining for teknisk drift har. Traktoren har ikkje hatt store driftsproblem i 2019/2020 men ein ser at det kan vere nadsynt å bytte han blir alt for gamal og ein får for mykje driftsproblem. Ein kan få store ekstrakostnadar ved innleige av andre dersom ein ikkje kan nytte eigen traktor. Men ser på dette som ei budsjettsak for 2021.
- Gjennomgang av kommunal bygningsmasse med sikte på sal/avhending.  
Ikkje gjennomført i 1. tertial.

- Legge fram rapport om aktuelle energiøkonomiske tiltak i kommunen.  
Dette punktet heng saman med kulepunkt over, men er gjennomført på dei områda ein har sett det som hensiktsmessig ved til dømes oppgradering eller reparasjonar.
- Få oversikt på eksterne søkbare midlar innafor eige fagområde.  
Dette må prioriterast når ein gjer ombygging eller nybygg. Ein vil sjå på dette når ein skal bygge nye omsorgsbustader og kombinasjonsbygg for brann og teknisk. Det er nok hovudsakleg i forhold til energi det vil kunne finnast midlar.

## Utleigebustader

Kommunen har totalt 32 utleigebustader, der 19 tildelast etter Lov om helse og omsorgstenester (av tenestekontoret i eining for omsorg), og resten tildelast etter gjeldande reglement av eining for teknisk drift. Alle utleigebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.

Bustader som tildelast av eining for teknisk drift skal leigast ut etter gjeldande reglement, og det er eit mål at alle bustadene er leigd ut til ei kvar tid.

### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Få ein oversikt over vedlikehaldsbehovet i alle bustadene.  
Ikkje gjennomført i 1. tertial.
- Vurdere å innføre depositum for leige av kommunale bustader.  
Ikkje gjennomført i 1. tertial.

## Bygg der det gjevast kommunale tenester (skular, barnehagar, inst., kommunehus...)

Eining for teknisk drift har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald (fdv) av alle kommunale bygg. Vernerundar og bygningsteknisk internkontroll skal syte for at alle bygg er i forskriftsmessig stand. God dialog med brukarane av kvart bygg skal syte for at bygningsmassa er tilpassa dei behov brukarane har, innanfor den til ei kvar tid gjeldande økonomiske ramme.

### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Få ein oversikt over vedlikehaldsbehovet i alle kommunale bygg, og setje opp prioriteringslister med omsyn på vedlikehald.  
Ikkje gjennomført 1. tertial.
- Få ein oversikt over lovpålagte krav med omsyn på drift av kommunale bygg.  
Ikkje gjennomført 1. tertial.
- Gjennomføre byggeleing av 5 nye omsorgsbustader ved NOS.  
Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt
- Gjennomføre anbodskonkurranse og byggeleing av grovkjøkken på NOS  
Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt
- Delta i prosjektering og gjennomføre byggeleing på ombygging av vaskeri på NOS  
Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt

## Andre bygg (NSB-eigedom..)

Kommunen eig ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi. Nokon av bygga vert leigd ut til næringsverksemd, nokon nyttast til lager og andre står ubruka. Utfordringa med dei fleste er at dei er dårleg vedlikehalde og står i fare for å miste sin verdi. Utvendig vedlikehald må prioriterast for å sikre bygga.

### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Ingen spesielle tiltak i 2020.

### Grøntanlegg

Kommunen har grønntanlegg både knytt til bygningsmasse, parkområde og idrettsanlegg. Alle kommunale grønntanlegg skal stå fram som presentable og i stand til å tene det føremål dei er etablert for.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Byggjeleing av aktivitetspark for Nissedal IL, kommunen skal overta drifta av denne.  
**Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt**

### Vegar og plassar

Kommunen har 24,5 km med kommunal vegar. I tillegg syter kommunen for sommarrenovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard både sommar og vinter. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningslinjer.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Revidering av reglement i høve til kommunale/private vegar.  
**Ikkje gjennomført i 1. tertial.**
- Ugreie behov for utbetring av erosjonsskadar på 3 kommunale bruer/kulvertar i Kåsa/Solli og 1 bru på Kleivvegen.  
**Ikkje gjennomført i 1. tertial.**
- Vurdere muligheiter for etablering av offentlig renovasjon/toalett i Kyrkjebygda, i samarbeid med Statens vegvesen.  
**Ikkje gjennomført i 1. tertial.**
- Vere pådrivar for å få utbeta vegen inn til Sundsmoen industriområde.  
**Det er i 2019 satt i verk tiltak – lagt knust asfalt. Dette har vært positivt i forhold til problematikken med støving frå vegen. Det vil ikkje bli gjort ytligare tiltak i 2020.**
- Søke om prosjektmidlar til vegbelysning inn til huskrullen på Haugsjåsund.  
**Ikkje gjennomført i 1.tertial.**

### Fjoneferja

Kommunen driv Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet.

#### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Det leggjast opp til heilårsdrift av Fjoneferja etter oppsummering etter to års prøvedrift.  
**Ferja har vært i drift heile vinteren 2019/2020.**

**Det er inngått leigeavtale med eit nederlandsk par som ønsker å drive serveringsstaden på Fjonesida. Dei vurderer også å ta over drifta av Fjoneferja.**

### Kommunale bustadtomter

Kommunen har pr. nov. -17, ledige tomter (byggeklare) i Tveitsund bustadfelt (6 stk) og i Kåsa-Solli (9 stk.) og nye tomter på Damkollen (6 stk).

#### Spesielle tiltak/endingar i 2020

- Kommunen må marknadsføre av ledige tomter.  
**Ikkje gjennomført 1. tertial**

**Det er solgt ei bustadtomt i Kåsa-Solli i 2020.**

### **Brann og ulykkeberedskap**

Nissedal kommune er med i Vest-Telemark brannvernsamarbeid IKS . Dei er lokalisert i Høydalsmo og har ansvaret for tilsyn, feiing og det faglege ansvaret for brann- og ulykkeberedskap. I 2018 gjekk kommunen også inn i 110 Sør-Øst IKS, som nå har ansvar for utalarmering av det kommunale brannvesenet. Kommunen har framleis ansvar for lokalt brannvesen med 16 deltids brannmenn.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2020**

- Jobbe vidare på med skisser på ny brannstasjon/uteavdeling teknisk. Det er løyva pengar til denne utgreiinga. Ein jobbar saman med Rambøl om å løyse denne oppgåva.  
**Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt.**
- Prøve å gjennomføre ei ROS-analyse med omsyn på Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen, for å dokumentere at ein oppfyller krava i forskrifta.  
**Dette vil vere naturleg å gjennomføre når ein nå skal bygge nytt bygg, men er ikkje starta på i 1. tertial.**

**I tillegg er det kjøpt inn båt for å auke beredskapen i kommunen både med tanke på ulykker og beredskap i forhold til vatn og avløp.**

### **Vatn og avlaupsanlegg**

Kommunen har ca.1250 vatn-abonnentar og 1.600 kloakk-abonnentar som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Gjennom gode rutinar for drift og internkontroll skal kommunen sikre eksisterande abonnentar god kvalitet på drikkevatt og sikre miljøet mot utslepp av kloakk. Nissedal kommune har sida 2015 vert vertskommune for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia med Drangedal kommune. Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevelling, utbyggingsinteresser og grunneigarar.

### **Spesielle tiltak/endingar i 2020**

- Arbeide aktivt med å skaffe nye abonnentar, spesielt knytta til overtaking av private vassverk på Kyrkjebygdheia og Gautefallheia.  
**Heilt på tampen av 2019 overtok kommunen vassforsyninga til Kyrkjebygdheia, som gav oss omlag 350-400 nye abonnentar.**  
**Det er satt i gang prosjekt for å få kommunalt vatn og avløp på «Kragerøåsen» på Felehovet Sør og på Øverlandsheia på Gautefall. Begge desse prosjekta vil vere ferdig i løpet av 2020 og vil gi nye abonnentar.**  
**Kommunen jobbar også med å få til avtalar om kommunalt vatn og avløp i hyttefelta på Fjonesida.**
- Registrere og utarbeide leidningskartverk for vass og avløpsnettet.  
**Eininga jobbar med å kartlegge nettet i Treungen sentrum og Felle, og er godt i gang.**
- Utvide driftsovervakingsystemet til å omfatte alle kloakkpumpestasjonane.  
**Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt**
- Oppgradering av to pumpestasjonar på Gautefall som ikkje har overbygg.  
**Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt**
- Prosjektere og legge fram endelig sak kring rammer/plassering av nye høgdebasseng, med sikte på å bygge nytt høgdebasseng i Treungen og Nissedal i løpet av året.  
**Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt**

- Gjennomføre byggetrinn 4 ved Gautefall heia VA som Drangedal kommune ynskjer å gjennomføre. Byggetrinnet gjeld omlegging av leidningsnett frå Gautefall hotell og ned til Gautefall RA. Denne står stille pga. problem med grunneieravtale i Drangedal kommune.  
Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt
- Lage eit opplegg for tilsyn med kapittel 13 anlegg i forureiningsforskrifta.  
Ikkje gjennomført i 1. tertial, ein må ha ein avklaring av om det er plan- eller teknisk som skal gjennomføre dette.
- Innarbeiding av ny drikkevannsforskrift (krav til planar, farekartlegging ol).  
Det er gjennomført noe, men det er mykje arbeid igjen i forhold til skriftlig dokumentasjon.
- Utarbeiding av midlertidig utslippstillatelse for alle renseanleggene som skal føres til nytt renseanlegg på Langemoen.  
Gjennomført i 1.tertial. Fylkesmannen har konkludert at det er kapittel 13 anlegg og at det er kommunen sitt ansvar å føre tilsyn med drift av desse anlegga. Fylkesmannen ønsker at ein heller sett fokus på å jobbe med ei ny renseløysing.
- Forprosjekt i forhold til kvalitetssikring av grunnlagdata og eksisterande rapporter ol. i forbindelse med nytt renseanlegg som skal byggast i 2023.  
Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt
- Utsifting/etablering av nye kummar på ledingsnettet. Utbetre to kummar årleg, for å auke tryggleiken på ledningsnettet.  
Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt
- Revisjon av lokal forskrift for vass og avløpsavgifter.  
Ikkje gjennomført i 1. tertial men er planlagt i starten av juni.
- Utbetring av inntaksleding på Treungen vassverk.  
Sjølve utbetringa av vassledingen er planlagt men ikkje gjennomført. Det er ein jobb som må gjerast når Nisser er på sitt lågaste (LRV Vinter). Men det er gjennomført tiltak på reserveledingen inn til vassverket for å sørge for at denne skal kunne forsyne vassverket når hovudledningen leggjast om. Det er installera ei vakuumpumpe som skal sørge for å dra ut lufta som kjem inn i ledningen. Utbetringa vil tidigast skje i slutten av 2020 evt. i 2021.

Utbetringa av vassledingen er planlagt men ikkje gjennomført. Det er ein jobb som må gjerast når Nisser er på sitt lågaste (LRV Vinter). Men det er gjennomført tiltak på reserveledingen inn til vassverket for å sørge for at denne skal kunne forsyne vassverket når hovudledningen leggjast om. Det er installera ei vakuumpumpe som skal dra ut luft av ledningen.

#### Kompetanseutvikling:

Her har mye blitt satt på vent pga. Covid-19. Siste rest av utdanninga for to brannkonstablar på grunnkurs er utsatt til hausten 2020. Det er vanskelig å finne noen i nærleiken som gjennomfører «blålyslappen» i disse tider.

Planlagde seminar er stort sett satt på vent eller avlyst innanfor VA og andre fagfelt.

#### Sjukefråvær:

Det totale sjukefråværet i fyrste termin: 5,2%.

1,38% kortidsfråvær og 3,82 langtidsfråvær.

Auka skyldas at fleire tilsette har vært i karantene som følge av regelverket rundt Covid-19. Eininga har hatt 1 tilsett som har vore delevis/helt sjukmeldt heile 2020. Fråværet er ikkje relatert til arbeid.

Arbeidsmiljøet ved eininga er svært bra, men det er alltid muligheter for forbetring.

Økonomivurderingar – Nye behov/utfordringar:

Det var i budsjettet tatt høgde for ytterligere auke av straumprisane 2020 som følge av den kraftige auka i 2019. 2020 så langt har vist ein nedgang i straumprisen, og så langt så ligg ein godt under ramma som er satt i budsjettet.

Ein har fått inn mindre leigeinntekter enn det som er budsjettet. Dette skyldast at det i snitt står 2-3 bustader tomme kvar månad. Dette vil føre til ein svikt i leigeinntekter på om lag 200.000 kr i 2020, og ein ber om å få ei ekstra løyving for å dekke inn tapet da det ikkje ser ut til at ein vil få ei auke etterspurnaden etter kommunale utleigebustader.

Rekneskapan for dei 4 fyrste månadane av 2020 syner at drifta i hovudsak samsvarar med budsjett med nokre mindre avvik som går begge vegar.

Ein ber om at følgjande midlar som vart løyva i 2019, men ikkje ble nytta vidareførast til 2020:

- Ferjebustaden på Fjone – ein fekk i 2. tertial 2019 løyva 150 000,- til utbetring av manglar og feil på bustaden/kafeen. Det ble i nytta 102 000,- i 2019, og ein ber om at de resterande 48 000,- blir overført til 2020. Ein har i 1. tertial hatt ei utgift på 66 000,- på utbetringa.
- Trygdebustad Framnes – ein fekk løyva 375 000,- til totalreovering av buststaden. Arbeid vart starta litt i 2019, men hovud delen er gjort i 2020 og ein ber om at løyvinga vert vidareført til 2020.
- Afaltering av tun Trygdeboligar Smeitkollen 18 og 20 - ein fekk løyva 80 000,- til asfalteringa av tunet for å gjere det lettare å komme inn til bustadane med rullestol. Løyvinga kom for sent i 2019 til at ein klarte å legge asfalt. Ein ber om at løyvinga blir vidareført til 2020.

Nye behov:**Eining for teknisk drift;**

- På bakgrunn av branntilsyn gjennomført på Tveit skule var det gitt ein fleire avvik. For å lukke dette avviket måtte ein leige inn konsulent for å få ein tilstandsrapport for branntryggleiken i bygget og nye planteikningar. Dette har ført til følgjande kostnader;
  - Kr. 1 365 inkl. mva. Oppdatering av planteikningar Søndergaard Rickfelt AS
  - Kr. 70 603 inkl. mva. Tilstandsrapport Sweco Norge AS

Og ein ber om ei ekstra løyving på kr. 72 000 for å dekke desse utgiftene. Det er i 2019 varsla at ein kan få ein del ekstrakostnader som følgje av branntilsyn i kommunale bygg.

- På bakgrunn av tilstandsrapporten til Sweco er det tre branndører på Tveit skule som er utslitte og må byttes ut og ein ber om ei tilleggsløyving på kr. 47 000,-. Denne kostnaden var ikkje kjent når ein la budsjettet for 2020.
- Det er på tide å skifte lysrøyr i idrettshallen på fleirbrukshuset. Desse må skiftast ca. kvart 6 år og kostar omlag kr. 25 000 kvar gong ein gjer det, normalt ville dette gått av vedlikehaldsbudsjettet, men ein ser at det kan være lønnsomt energiøkonomisk, kostnadssparande og driftsmessig gunstig å bytte til led-armatur.

For å redusere kostnadane både med omsyn på straumforbruk og lysrøyr så ber ein om ei løyving på kr. 100 000,- for å bytte til led lysarmatur. Led er dyrare å anskaffe men pærene kan ha like lang levetid som armaturen. Ei led pære av god kvalitet kan ha ei levetid på 50 000 – 100 000 timar mot 2 500 timar for ei vanleg pære. Dette vil vere eit energiøkonomisk og miljøvennleg tiltak.



- To av dei vanlege grasklipperane til teknisk er utslitt og ein treng to nye. Disse ble gløymt å legge inn i budsjettet for 2020, men ein ser nå at dei ein har truleg ikkje vil halde ut sesongen. Ein ber om ei tilleggsøyving på Kr. 25 000,-
- Kommunen har ansvar for avfallshandtering og benkar på fleire rasteplassar og friområde. Fleire av avfallsdunkane er gått i stykker og benkar er rotne og klare for utskifting. Dette vart oppdaga når ein skulle ha ein gjennomgang av utstyret før det skulle settast ut. Ein ber om ei tilleggsøyving på kr 55 000,-
  - 20 000,- Nye avfallsdunkar.
  - 35 000,- Nye benkar.
- I forbindelse med problem på gateljos langs RV 41 i feb/mars 2020 (frå Smeitkollen og ut av sentrum mot Nissedal) har Vegvesenet oppdaga ein alvorleg jordfeil på kommunen sitt nett til gateljosa i Smeitkollen. Dette gjer at Vegvesenet sine lys langs RV41 koplast ut. Dei har gitt beskjed om at dei vil fakturere kommunen for «utrykking» dersom gateljosa på RV 41 faller ut. Ein utbetring av denne feilen. Ein ber om ei tilleggsøyving på kr. 90 000,- for å rette opp feilen.

#### Investeringsprosjekt;

- Hovudledningar, trykkaukar og høgdebasseng til Kyrkjebygdheia. Ein ber om ein tilleggsøyving på 4.700.000,- Sjå eige omtale under investeringsprosjekt for avklaringar.
- Det står att kr. 350 000 ekskl. mva. til innkjøp av bil på teknisk. men det viser seg å være for lite til kjøp av den type bil vaktmeistrane er avhengig av ein bil med god lastekapasitet med tanke på at ein skal frakte snøfresarar, plenklipperar, hjelpemiddelutstyr ol. En slik bil er også avhengig av 4-hjulstrekk., ein ber derfor om ei tilleggsøyving på 100 000 kr. Sjå eige omtale under investeringsprosjekt for avklaringar.
- Ein ber om ein tilleggsøyving på 53.000,- som er nytta til ljøs ved ny kunstgrasbane. Sjå eige omtale under investeringsprosjekt for avklaringar.
- Legging av strøm til tomtene i Damkollen bustadfelt vil få ein ekstrakostnad på 50.000,- og ein ber om ei ekstra løyving til dette. Sjå eige omtale under investeringsprosjekt for avklaringar.

#### Politiske vedtak etter budsjettvedtak – oppfølging:

PS-sak 2/18 om utbygging av vatn og avløp til Kyrkjebygdheia. Prosjektet er i slutfasen. Nærare omtale om dei ulike delane ligg under investeringsprosjekt.

PS-sak 10/19 Ombygginga av skuledelen ved kyrkjebygdheia oppvekstsenter – ein er helt i slutfasen på prosjektet og er gjennomført innafor prosjektramma. Prosjektet er i slutfasen. Nærare omtale ligg under investeringsprosjekt.

PS-sak 06/20 Ramma for utbygging av nye omsorgsbustader ble auka til 20.290.000. Eining for teknisk drift har hatt kontrahert Sør Arkitekter i samarbeid med Sweco Norge til



detaljprosjektering og det er oppstart på prosjektet i slutten av mai. Det vart i tillegg løyva 400 000,- til byggeleiing i PS-sak 53/20, Sweco Norge AS hadde oppsjon på byggjeleiing og er tildela denne. Nærare omtale ligg under investeringsprosjekt.

PS-sak 28/20 Det ble vedtatt at ein skulle kjøpe bygget til Telemark bilruter og bygge dette om til kombinasjonsbygg for brann og uteavd. Teknisk. Det er løyva 15.000.000,- til prosjektet i budsjettet for 2020. Eininga vil i løpet av kort tid legge ut detaljprosjektering på anbod. Nærare omtale ligg under investeringsprosjekt.

PS-sak 29/20 Det ble løyva pengar til å kjøpe inn båt for å styrke beredskapen både til brannvesenet og VA-avdelinga. Båten er kjøpt inn og på plass i Nissedal.

PS-sak 54/20 – Innkjøp av ny feiemaskin til traktor er gjennomført.

#### Korona – rapportering:

##### ***Bemanning og gjennomføring av oppgåver:***

Ein splitta tidlig opp dei tilsette i grupper og fordela dei på ulike plassar for å overhalde smittevernreglar og for å kunne oppretthalde ein så stabil drift som mulig og ein skulle bli ramma av Covid-19.

VA-avdelinga har lenge jobba med å styrke bemanning i forhold til krisesituasjonar og har i dag 5 personar som kan drifte VA-anlegga. Drifta har gått som normalt, og ein har nytta tida med tomme hyttefelt effektivt til lekkasjesøk på ledningsnettet.

Uteavdeling/vaktmeisterar har hatt noe ekstra jobb med å hjelpe andre einingar og legge til rette for tiltak som ein har blitt gjennomført i forbindelse med retningslinjer rundt Covid-19.

Renhaldsavdelinga er dei som har fått kjenne denne krisa mest på kroppen av dei tilsette på teknisk. Det vart brått satt langt høgare/strengare krav til reinhald i alle bygg. Den første tida når skular og barnehagar var stengt ned vart tida nytta til å gjennomføre nedvask. Når ein skulle opne igjen var det stadig nye retningslinjer i forhold til gjennomføring av reinhald. Reinhaldsleiar har hatt godt samarbeid med andre einingar for å leggje til rette på best mulig måte.

Einingsleiar er også beredskapskoordinator og sitt i den sentrale kriseleiinga i kommunen. Dette har kosta mykje tid som igjen har gått utover oppfølging av vanlege arbeidsoppgåver.

##### **Utgifter i forbindelse med Covid-19**

Covid-19 har kosta mykje tid og ein del ressursar for Nissedal kommune. Det er kjøpt inn ein del materiell, ein har hatt ekstra utgifter i forhold til vikarar, ein del tilsette har jobba mykje ekstra i denne perioden og ein har fått redusksjon i nokon inntekter. Det er blitt oppretta eit eige ansvarsområde for beredskapshendingar slik at ein lettare skal kunne sjå kva ei beredskapshending har kosta. Til nå har ein hatt ein utgift på ca. 200.000,- i forbindelse med kriseleiinga i kommunen. Kostnadane er knytt til lønn i forbindelse med overtidsarbeid, økt bemanning på reinhald, annonser i VTB, SMS-varsling og leige av «butikkverter» for å kunne overhalde smittevernsreglar i butikkane.

##### ***Fråvær:***

For å tilfredsstillere regjeringa sine råd om å ikkje reise på jobb dersom man er sjuk, er det noen som har vært heime frå jobb med symptom som elles ville tilseie at ein reiser på jobb. Det har ikkje vært nytta vikarar for å dekke opp dette.

**Utgifter:**

Ein har fått auka kostnader innanfor reinhald som følge av at reinhaldsleiaren har måtte jobba mykje meir administrativt for å leggje til rette for gjennomføring. I tillegg har ein også måtte gjennomføre opplæring av reinhaldspersonale som ikkje ligg inn under eininga. Det er henta inn ein person i ca.30% stilling fram til august 2020 for å dekke inn dette og fører til auka lønnskostnader på omlag 40 000,-.

Det har hatt noen mindre kostnader i forhold til bygging av en vegg på NOS for å lage eigen sone for evt. smitta personar.